

*Rettleiar for utfylling av søknadsskjema for tillating til akvakultur i flytande eller landbasert anlegg*

**Innhaldsoversikt**

Rettleiar for utfylling av søknadsskjema for tillating til akvakultur i flytande eller landbasert anlegg.....	1
<b>Innleiing .....</b>	4
<b>Generelt.....</b>	4
<b>Regional/fylkeskommunal handsaming av søknader .....</b>	4
<b>Fylkeskommunane.....</b>	5
<b>NVE sine regionkontor .....</b>	6
<b>Saksgang .....</b>	6
<b>Krav til å stille økonomisk sikkerheit for blåskjeltillatingar.....</b>	7
<b>Akvakulturlova .....</b>	7
<b>Matlova .....</b>	8
<b>Dyrevernlova.....</b>	8
<b>Forureiningslova og produktkontollova.....</b>	8
<b>Hamne- og farvasslova .....</b>	9
<b>Vassressurslova .....</b>	9
<b>Naturmangfaldlova.....</b>	9
<b>Friluftslova .....</b>	9
<b>Plan- og bygningslova .....</b>	9
<b>Opplysingar forvaltinga alt har .....</b>	9
<b>Aktuelle lenkjer .....</b>	10
<b>Skjema for søknad - flytande anlegg .....</b>	11
<b>Innleiing .....</b>	11
<b>Pkt. 1 Generelle opplysingar .....</b>	11
<b>Pkt. 1.1 Søkjær.....</b>	11
<b>Pkt 1.2 Ansvarleg for oppfølging av søknaden .....</b>	11
<b>Pkt. 1.3 Søknaden gjeld lokalitet i.....</b>	11
<b>Pkt. 2 Planstatus og arealbruk.....</b>	12
<b>Pkt. 2.1 Planstatus og vernetiltak .....</b>	12
<b>Pkt. 2.2 Arealbruk – arealinteresser .....</b>	12
<b>Pkt. 2.3 Konsekvensutredning.....</b>	13
<b>Pkt. 2.4 Supplerande opplysingar .....</b>	13

<b>Pkt. 3 Søknaden gjeld.....</b>	13
<b>Pkt. 3.1 Klarering av ny lokalitet.....</b>	13
<b>Pkt. 3.2 Endring.....</b>	14
<b>Pkt. 3.3 Art .....</b>	15
<b>Pkt. 3.4 Type akvakulturtillating .....</b>	15
<b>Pkt. 3.5 Tilleggsopplysingar dersom søknaden gjeld matfisk av laks, aure eller regnbogeauret.....</b>	16
<b>Pkt. 3.6 Supplerande opplysingar.....</b>	16
<b>Pkt. 4 Omsyn til.....</b>	16
<b>Pkt. 4.1 Omsyn til folkehelse. Ekstern forureining .....</b>	16
<b>Pkt. 4.2 Omsyn til smittevern og dyrehelse .....</b>	16
<b>Pkt. 4.3 Omsyn til miljø .....</b>	17
<b>Pkt. 4.4 Omsyn til ferdsel og sikkerheit til sjøs.....</b>	18
<b>Pkt. 4.5 Supplerande opplysingar.....</b>	19
<b>Pkt. 5 Supplerande opplysingar .....</b>	19
<b>Pkt. 6 Vedlegg.....</b>	19
<b>Pkt. 6.1 Til alle søknader .....</b>	19
<b>Pkt. 6.2 Når søknaden gjeld akvakultur av fisk .....</b>	20
<b>Pkt 6.3 Andre vedlegg .....</b>	21
<b>Underskrift.....</b>	21
<b>Skjema for søknad - landbasert anlegg.....</b>	22
<b>Innleiing .....</b>	22
<b>Pkt. 1 Generelle opplysingar .....</b>	22
<b>Pkt. 1.1 Søkjær.....</b>	22
<b>Pkt. 1.2 Ansvarleg for oppfølging av søknaden.....</b>	22
<b>Pkt. 1.3 Søknaden gjeld lokalitet i.....</b>	22
<b>Pkt. 1.4 Vasskilde .....</b>	23
<b>Pkt. 2 Planstatus, arealbruk og vassressurs .....</b>	23
<b>Pkt. 2.1 Planstatus og vernetiltak .....</b>	23
<b>Pkt. 2.2 Arealbruk – arealinteresser .....</b>	23
<b>Pkt. 2.3 Konsekvensutgreiing .....</b>	24
<b>Pkt. 2.4 Vassressurs .....</b>	24
Sjå pkt. 6.1.6 om at dokumentasjon må leggjast ved. ....	24
<b>Pkt. 3 Søknaden gjeld.....</b>	25
<b>Pkt. 3.1 Art .....</b>	25
<b>Pkt. 3.2 Kva søknaden gjeld .....</b>	25
<b>Pkt. 3.3 Type akvakulturtillating .....</b>	25

<b>Pkt. 3.4 Spesielle opplysingar vedr. det planlagde driftsopplegget</b>	25
<b>Pkt. 3.5 Opplysingar om anlegget</b>	26
<b>Pkt. 3.6 Supplerande opplysingar</b>	26
<b>Pkt. 4. Omsyn til</b>	26
<b>Pkt. 4.1 Omsyn til</b>	26
<b>Pkt. 4.2 Omsyn til folkehelse, Ekstern forureining</b>	26
<b>Pkt. 4.3 Omsyn til smittevern og fiskevelferd</b>	26
<b>Pkt. 4.4 Omsyn til miljø</b>	27
<b>Pkt. 4.5 Supplerande opplysingar</b>	28
<b>Pkt. 5 Supplerande opplysingar</b>	28
<b>Pkt. 6 Vedlegg</b>	28
<b>Pkt. 6.1 Til alle søknader sjå figur 3.</b>	28
<b>Underskrift</b>	30

# Innleiing

## Generelt

Denne rettleiarene er utarbeidd til hjelp ved utfylling av søknad om tillating i høve til lov av 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturlova). Rettleiarene er Fiskeridirektoratet sitt ansvar, men vart utarbeidd i samråd med Mattilsynet, Klima- og forureiningsdirektoratet (tidlegare SFT), Kystverket og Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE). Søknadshandsaming er samordna mellom fiskeri-, mattilsyn-, miljø-, og kystforvaltinga, idet søknaden også krev tillating etter mat- og forureiningslova og tidvis også etter og hamne- og farvasslova. Søknad om tillating etter akvakulturlova kan verte samordna med søknad om byggjeløyve (jf akvakulturloven § 8).

Søknaden skal gjevast på fastlagt skjema:

- Søknadsskjema for akvakultur i flytande anlegg**
  - Skjemaet omfattar også kunstige avstengingar/pollar i sjø eller brakkvatn.**
- eller
- Søknadsskjema for akvakultur i landbaserte anlegg**
  - Skjemaet omfattar også dammar og kunstige pollar i ferskvatn.**

Desse skjemaa er felles for akvakultur-, mattilsyn-, miljø-, og kystforvaltinga, og omfattar alle typar søknader om akvakultur<sup>1</sup> i fersk-, brakk- og saltvatn, med unntak av søknad om tillating for havbeite (som har eige skjema) og søknad om tillating for kultiveringsanlegg etter lov om laksefisk og innlandsfisk mv. (lakselova).

Søknaden med ferdig utfyldt skjema skal sendast fylkeskommunen i det fylket det vert søkt i.<sup>2</sup> Ufullstendige søknader vil forseinke søknadsprosessen, og kan bli returnert til søker.

Søknaden skal avklare offentlegrettslege tilhøve i samband med søknaden. Privatrettslege tilhøve må avklarast mellom partane. Ytterlegare opplysingar vedrørande utfylling av skjema får ein hos fylkeskommunen.

## Regional/fylkeskommunal handsaming av søknader

Frå og med 01.01.2010 er hovudregelen at søknaden skal sendast fylkeskommunen i det fylket ein søker om lokalisering. For akvakultur - med uttak av ferskvatn - avgjer NVE om inngrepet er konsesjonspliktig etter vassressurslova. Søknad og førespurnad om konsesjonsplikt skjer til NVE sitt aktuelle regionkontor, og det skal føreliggje konsesjonsfritat eller konsesjon før søknaden vert sendt fylkeskommunen. Adressa til desse regionkontora er gitt nedanfor.

---

<sup>1</sup> Akvakultur slik omgrep er å forstå ihht akvakulturloven.

<sup>2</sup> Sjå "Regional/fylkeskommunal handsaming av søknad" nedanfor.

## Fylkeskommunane

### Akershus fylkeskommune

Postadresse: Postboks 1200 Sentrum  
0107 Oslo  
Besøksadresse: Schweigaards gate 4, Galleriet  
Sentralbord: 22 05 50 00  
Telefaks: 22 05 50 55  
Internett: [www.akershus.no](http://www.akershus.no)  
E-post: [postmottak@akershus-fk.no](mailto:postmottak@akershus-fk.no)

### Aust-Agder fylkeskommune

Postadresse: Serviceboks 606  
4809 Arendal  
Besøksadresse: Fylkeshuset, Ragnvald Blakstadsvei 1  
Sentralbord: 37 01 73 00  
Telefaks: 37 01 73 03  
Internett: [www.aa-f.kommune.no](http://www.aa-f.kommune.no)  
E-post: [postmottak@aa-f.kommune.no](mailto:postmottak@aa-f.kommune.no)

### Buskerud fylkeskommune

Postadresse: Fylkeshuset  
3020 Drammen  
Besøksadresse: Fylkeshuset, Hauges g. 89  
Sentralbord: 32 80 85 00  
Telefaks: 32 80 85 08  
Internett: [www.bfk.no](http://www.bfk.no)  
E-post: [postmottak@bfk.no](mailto:postmottak@bfk.no)

### Finnmark fylkeskommune - Finnmárku fylkagielda

Postadresse: Henry Karlssens plass 1  
9815 Vadsø  
Besøksadresse: Fylkeshuset  
Sentralbord: 78 96 20 00  
Telefaks: 78 96 23 70  
Internett: [www.ffk.no](http://www.ffk.no)  
E-post: [postmottak@ffk.no](mailto:postmottak@ffk.no)

### Hedmark fylkeskommune

Postadresse: Fylkeshuset, Parkgata 64  
2325 Hamar  
Besøksadresse: Fylkeshuset  
Sentralbord: 62 54 40 00  
Telefaks: 62 54 46 60  
Internett: [www.hedmark.org](http://www.hedmark.org)  
E-post: [postmottak@hedmark.org](mailto:postmottak@hedmark.org)

### Hordaland fylkeskommune

Postadresse: Postboks 7900  
5020 Bergen  
Besøksadresse: Agnes Mowinckelsg. 5  
Sentralbord: 55 23 90 00  
Telefaks: 55 23 99 49  
Internett: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)  
E-post: [hfk@post.hfk.no](mailto:hfk@post.hfk.no)

### Møre og Romsdal fylkeskommune

Postadresse: Julsundveien 9  
6404 Molde  
Besøksadresse: Fylkeshuset, Julsundveien 9  
Sentralbord: 71 25 80 00  
Telefaks: 71 25 87 21  
Internett: [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)  
E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)

### Nordland fylkeskommune

Postadresse: Fylkeshuset  
8048 Bodø  
Besøksadresse: Prinsensgate 100  
Sentralbord: 75 65 00 00  
Telefaks: 75 65 00 01  
Internett: [www.nfk.no](http://www.nfk.no)  
E-post: [post@nfk.no](mailto:post@nfk.no)

### Nord-Trøndelag fylkeskommune

Postadresse: Seilmakergata 2  
7735 Steinkjer  
Besøksadresse: Seilmakergata 2  
Sentralbord: 74 11 10 00  
Telefaks: 74 11 10 51  
Internett: [www.ntfk.no](http://www.ntfk.no)  
E-post: [postmottak@ntfk.no](mailto:postmottak@ntfk.no)

### Oppland fylkeskommune

Postadresse: Serviceboks  
2626 Lillehammer  
Besøksadresse: Kirkegata 76  
Sentralbord: 61 28 90 00  
Telefaks: 61 28 94 95  
Internett: [www.oppland.no](http://www.oppland.no)  
E-post: [postmottak@oppland.org](mailto:postmottak@oppland.org)

### Rogaland fylkeskommune

Postadresse: Postboks 130  
4001 Stavanger  
Besøksadresse: Arkitekt Eckhoff's gate 1  
Sentralbord: 51 51 66 00  
Telefaks: 51 51 66 20  
Internett: [www.rogfk.no](http://www.rogfk.no)  
E-post: [firmapost@rogfk.no](mailto:firmapost@rogfk.no)

### Sogn og Fjordane fylkeskommune

Postadresse: Askedalen 2  
6863 Leikanger  
Besøksadresse: Fylkeshuset, Askedalen 2  
Sentralbord: 57 65 61 00  
Telefaks: 57 65 61 01  
Internett: [www.sfj.no](http://www.sfj.no)  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)

### Sør-Trøndelag fylkeskommune

Postadresse: Erling Skakkes gate 14. Fylkeshuset  
7004 Trondheim  
Besøksadresse: Fylkeshuset, Erling Skakkes gate 14  
Sentralbord: 73 86 60 00  
Telefaks 73 86 60 01  
Internett: [www.stfk.no](http://www.stfk.no)  
E-post: [postmottak@stfk.no](mailto:postmottak@stfk.no)

**Telemark fylkeskommune**

Postadresse: 3706 Skien  
Besøksadresse: Fylkeshuset  
Sentralbord: 35 58 42 00  
Telefaks: 35 52 99 55  
Internett: [www.telemark-fk.no](http://www.telemark-fk.no)  
E-post: [post@t-fk.no](mailto:post@t-fk.no)

**Troms fylkeskommune - Romssa fylkkasuhkan**

Postadresse: Postboks 6600  
9296 Tromsø  
Besøksadresse: Fylkeshuset, Strandveien 13  
Sentralbord: 77 78 80 00  
Telefaks: 77 78 80 01  
Internett: [www.tromsfylke.no](http://www.tromsfylke.no)  
E-post: [postmottak@tromsfylke.no](mailto:postmottak@tromsfylke.no)

**Vest-Agder fylkeskommune**

Postadresse: Serviceboks 517  
4605 Kristiansand S  
Besøksadresse: Tordenskjoldsgate 65  
Sentralbord: 38 07 45 00  
Telefaks: 38 07 45 01  
Internett: [www.vaf.no](http://www.vaf.no)  
E-post: [postmottak@vaf.no](mailto:postmottak@vaf.no)

**Vestfold fylkeskommune**

Postadresse: Svend Foyns gate 9  
3126 Tønsberg  
Besøksadresse: Svend Foyns gate 9  
Sentralbord: 33 34 40 00  
Telefaks 33 31 59 05  
Internett: [www.vfk.no](http://www.vfk.no)  
E-post: [firmapost@vfk.no](mailto:firmapost@vfk.no)

**Østfold fylkeskommune**

Nummer: 0100  
Postadresse: Postboks 220  
1702 Sarpsborg  
Besøksadresse: Oscar Pedersens v. 39  
Sentralbord: 69 11 70 00  
Telefaks: 69 11 70 70  
Internett: [www.ostfold-f.kommune.no](http://www.ostfold-f.kommune.no)  
E-post: [sentralpost@ostfold-f.kommune.no](mailto:sentralpost@ostfold-f.kommune.no)

**NVE sine regionkontor**

NVE Region Midt-Norge  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER  
E-post: [rm@nve.no](mailto:rm@nve.no)

NVE Region Nord  
Pb. 394  
8505 NARVIK  
E-post: [rн@nve.no](mailto:rн@nve.no)

NVE Region Sør  
Pb. 2124  
3103 TØNSBERG  
E-post: [rs@nve.no](mailto:rs@nve.no)

NVE Region Vest  
Pb. 53  
6801 FØRDE  
E-post: [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no)

NVE Region Øst  
Pb. 4223  
2307 HAMAR  
E-post: [ro@nve.no](mailto:ro@nve.no)

**Saksgang**

Søknaden skal sendast til fylkeskommunen som sender søknaden til kommunen og sektorstyresmaktene, sjå Figur1.  
Søkjær skal etter kommunen si tilvising sørge for at søknaden vert lagt ut til offentleg innsyn og vert kunngjort. Utlegginga gjev naboar og andre påverka høve til å fremje merknader til plassering av akvakulturinstallasjonen før søknaden vert realitetsbehandla.

Fylkeskommunen oversender søknaden til Mattilsynet, Kystverket, Fylkesmannen, Fiskeridirektoratet sitt regionkontor. Kommunane si fråsegn og eventuelle høyringsfråsegner vert anten oversendt saman med søknaden, eller vert ettersendt til sektorstyresmaktene.

Mattilsynet avgjer søknaden etter matlova. Kystverket avgjer søknaden (ved inngrep i sjøområde) etter hamne- og farvasslova<sup>3</sup> og Fylkesmannen si miljøvernnavdeling avgjer søknaden etter forureiningslova. Vidare gjev Fylkesmannen si miljøvernnavdeling fråsegn om anlegget si plassering i høve til naturvern-, sårbar natur / biologisk mangfald, frilufts-, fiske- og viltinteresser. Med fiskeinteresser meiner ein i denne samanheng lakse- og innlandsfisk. Fiskeridirektoratet gjev fråsegn om marine fiskeinteresser. Det ligg til Fylkeskommunen å gje ei samla vurdering om tillating etter akvakulturlova kan gjevast.

Ei skjematiske framstilling av saksgangen er gitt i figur 1. Tillating etter akvakulturlova inneber ikkje at søker er unntak fra å søkje om tillating frå andre styresmakter som for eksempel bygningsstyremaktene, eller avklare eventuelle privatrettslege tilhøve. Dette er søker sitt ansvar.

### Sakshandsamingsgebyr

Etter gebyrforskrifta skal det for alle typar søknader som vert handsama i høve til akvakulturlova betalast sakshandsamingsgebyr. Storleiken på gebyret er kr 12 000. Gebyret må vere betalt og kvittering følgje vedlagt **før søknaden vert teken under handsaming**. Ved søknad om f.eks. samlokalisering, skal det betalast eitt gebyr pr. søker pr. lokalitet. Eitt gebyr kan maksimalt dekke ein standard storleik for tillating, sjølv om søknaden vert fremja frå éin søker. For eksempel skal det betalast fire gebyr for søker om klarering av ny lokalitet på 3120 tonn MTB. Jf.pkt.6.1.1  
For fiskarar som søker om tillating til oppbevaring av eigen fangst som ledd i akvakulturverksemad av sporadisk eller midlertidig karakter (manntalstilling), gjeld pr. dato ein gebyrsats på kr 3000. Det same gjeld tillating til akvakultur av villfanga marin fisk, jf tildelingsforskrifta for andre artar § 12 fjerde ledd eller søker om løyve til fiskepark, jf. laksetildelingsforskrifta §§ 22, 24.

Endringar på lokaliteten, som går utover gjeldande løyve eller vilkår til denne, vil normalt innebere krav om ny søker.

I tillegg til sakshandsamingsgebyret, vil det også verte kravd gebyr for sakshandsaming etter forureiningsforskrifta kap. 39. Fylkesmannen vedtar kva gebyrsats som gjeld for kvar enkelt søker og som samsvarer med forureiningsstyremaktene sine kostnader ved sakshandsaminga. Dette gebyret vert innkravd av Klima- og forureiningsdirektoratet – Klif (tidlegare SFT) i etterkant av sakshandsaminga.

### Krav til å stille økonomisk sikkerheit for blåskjelløyve

Med verknad frå 1. april 2007 har Fiskeri- og kystdepartementet innført krav om det skal stillast sikkerheit for blåskjelløyve. Dette inneber at for søker om akvakultur av blåskjel frå og med same dato skal innehalde dokumentasjon som viser at søker har:

- innbetalt eit depositum på kr 2500 per omsøkt dekar til sperra konto, eller
- ei forsikring som gjer tilsvarande dekning, eller
- stilt anna likeverdig sikkerheit.

Bakgrunnen for kravet er å hindre forureining i form av blåskjelanlegg som ikkje lenger er i drift.

Kravet er nærmere utdjupa i tildelingsforskrifta for andre artar enn laks, aure og regnbogeaure § 10a og merknadar til denne. Av § 13 andre ledd går det fram at avgrensing av løyve til akvakultur av blåskjel skal fastsetjast i dekar.

### Lov og forskriftsreferansar

Søknad om løyve etter akvakulturlova inneber vurdering i høve til ei rekkje lover. Lovene er opplista nedanfor saman med dei forskriftene<sup>4</sup> som er mest aktuelle ved søkerhåndteringa. Sjå også figur 1.

#### Akvakulturlova<sup>5</sup>

##### Lov av 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur

##### Relevante forskrifter heimla i akvakulturlova

- Laksetildelingsforskrifta  
Forskrift (22. desember 2004 nr. 1798) om løyve til akvakultur for laks, aure og regnbogeaure
- Tildelingsforskrifta for andre artar  
Forskrift (22. desember 2004 nr. 1799) om løyve til akvakultur av andre artar enn laks, aure og regnbogeaure. Forskrifta vert omtala som tildelingsforskrifta for andre artar.

<sup>3</sup> Innanfor dei enkelte hamnedistrikta er det kommunen ved hamnestyret som er delegert myndighet til å godkjenne plassering av anlegg i høve til § 18.2 i denne lova.

<sup>4</sup> Revisjon av forskriftene skjer fortløpende. Forvaltninga sine nettsider kan gje opplysingar om nye avgjerder.

<sup>5</sup> Akvakulturlova erstattar m.a. lov av 14. juni 1985 nr. 68 om oppdrett av fisk, skaldyr mv. (fiskeoppdrettslova) og lov av 21. desember 2000 nr. 118 om havbeite (havbeitelova).

- Gebyrforskrifta  
Forskrift (21. desember 2001 nr. 1597) om gebyr og avgift i samband med akvakulturverksem.
- Akvakulturdriftforskrifta<sup>6</sup>  
Forskrift (17. juni 2008 nr. 822) om drift av akvakulturanlegg.
- A-registerforskrifta  
Forskrift (28. desember 2005) om akvakulturregisteret.
- NYTEK-forskrifta  
Forskrift (23. desember 2003 nr. 1490) om krav til teknisk standard for installasjonar som vert nytta til akvakultur.  
Forskrifta vert omtala som NYTEK-forskrifta.
- IK-Akvakultur  
Forskrift om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgjevinga (19. mars 2004)
- Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksem i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar (22. juni 2009)
- Forskrift om særskilte tiltak i enkelte område for akvakulturrelatert verksem (13. oktober 2009)
- Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaminga av akvakultursøknader (18. mai 2010)

## Matlova<sup>7</sup>

**Lov av 19. desember 2003 nr 124 om matproduksjon og mattryggleik mv.**

### Relevante forskrifter heimla i matlova

- Etableringsforskrifta  
Forskrift (17. juni 2008 nr. 823) om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoo-butikkar m.m.
- Akvakulturdriftforskrifta<sup>6</sup>  
Forskrift (17. juni 2008 nr. 822) om drift av akvakulturanlegg.
- Kvalitetsforskrift for fisk og fiskevarer (14. juni 1996 nr. 667)
- IK-Akvakultur**Feil! Bokmerke er ikke definert.**  
Forskrift (19. mars 2004 nr. 1727) om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgjevinga
- Forskrift (22. desember 2004 nr. 1878) kap. XVII. om utøving av fiske i sjøen
- Forskrift (20. februar 1997 nr. 192) om desinfeksjon av inntaksvatn til og avløpsvatn frå akvakulturrelatert verksem.

## Dyrevernlova

**Lov av 20. desember 1974 nr 73 dyrevern**

### Relevante forskrifter heimla i dyrevernlova

- IK-Akvakultur  
Forskrift (19. mars 2004 nr. 1727) om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgjevinga
- Akvakulturdriftforskrifta  
Forskrift (17. juni 2008 nr. 822) om drift av akvakulturanlegg

## Forureiningslova og produktkontrollova

**Lov av 13. mars 1981 nr 06 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova)**

**Lov av 11. juni 1976 nr. 79 om kontroll med produkt og forbrukartenester (produktkontollova)**

### Relevante forskrifter heimla i forureiningslova og produktkontollova

- Avfallsforskrifta  
Forskrift (1. juni 2004 nr. 930) om gjenvinning og handsaming av avfall
- Forureiningsforskrifta  
Forskrift (1. juni 2004 nr. 931) om avgrensing av forureining
- Internkontrollforskrifta  
Forskrift (12. juni 1996 nr. 1127) om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder

---

<sup>6</sup> Akvakulturdriftforskrifta er heimla både i akvakultur- og i mat- og dyrevernlova.

<sup>7</sup> Matlova regulerer tilhøve langs heile matproduksjonskjeda og tar opp i seg EU si forordning nr 178/2002, kalt Food Law.

Matlova erstattar m.a. lov av 13. juni 1997 nr. 54 om tiltak mot sjukdom hos fisk og andre akvatiske dyr (fiskesjukdomslova).

## **Hamne- og farvasslova**

**Lov av 17. april 2009 nr.19 om hamner og farvatn mv.**

### **Relevante forskrifter heimla i hamne- og farvasslova**

- Skilforskrifta  
Forskrift av 15. januar 1993 nr. 82 om lokalisering, utforming og tekniske krav til fyrlys, sjømerke og farvass-skilt som skal regulere ferdsla
- Forskrift om farleier 2009-11-30-1477

## **Vassressurslova**

**Lov av 24. november 2000 nr. 82 om  
vassdrag og grunnvatn**

### **Relevante forskrifter heimla i vassressurslova**

- Forskrift om sikkerheit og tilsyn med vassdragsanlegg av 15.12.2000 nr. 1271
- Forskrift om klassifisering av vassdragsanlegg av 18.12.2000 nr. 1317
- Forskrift om kvalifikasjoner hos den som bidrar i planlegging og drift av vassdragsanlegg av 18.12.2000 nr. 1318
- Forskrift om internkontroll for å oppfylle lov om vassdrag og grunnvatn av 21.02.2003 nr. 0199.

## **Naturmangfaldlova**

**Lov 19. juni 2009 nr.100**

Naturmangfaldlova er ny lov som tredde i funksjon frå 1. juli 2009. Den er no forvaltinga sitt sterkeste verkemiddel for å sikre verdifulle område med biologisk mangfold, herunder med freding av naturområde. Normalt tillet ein ikkje nye oppdrettsanlegg i verneområde. For oppdrettarar ligg det etter lova og uansett plassering og løyve etter akvakulturlova, ei generell aktsempli om at einkvar skal opptre aktsamt og gjere det som er rimelig for å unngå skade på naturmangfaldet.

## **Friluftslova**

**Lov av 28. juni 1957 nr 16 om friluftslivet**

Lova definerer innmark og utmark, og regulerer tilhøvet mellom grunneigar og ålmenta, inkludert ferdsel på innmark og i utmark. Friluftslova har også avgjelder om friluftsområde.

Moglege konfliktar mellom oppdrett og friluftsliv kan vere:

- Hindre tilkomst til område
- Hindre ferdsel langs strandline og vassdrag
- Hemme/hindre bademoglegheiter
- Hemme moglegheita til fritidsfiske frå land og båt
- Hemme ferdslemoglegheiter for småbåtar
- Redusere vasskvaliteten
- Skape støy
- Situasjonsestetiske opplevingsmoglegheiter
- Privatisering av område
- Redusere kvaliteten på sikra område

## **Plan- og bygningslova**

**Plan - og bygningslov av 27. juni 2008 nr. 71.**

- Forskrift om konsekvensutgreiningar (MD 2005-04-01 276)
- Lova heimlar elles fleire forskrifter som kan få bruk ved etableringa.
- Kommuneplanen sin arealdel viser kvar det kan etablerast akvakultur.

## **Opplysingar forvaltinga alt har**

Søknadsskjema ber - i nokre tilfelle - søkjær om opplysingar som forvaltinga alt har. Dette fordi akvakultur er ein type aktivitet som må avklarast i høve til arealplan og vernetiltak, samt avvegast mot anna arealbruk. Det vil difor vere i søkjær si eiga interesse å gjere seg kjent med moglege konfliktar som vil verte belyst gjennom søknadshandsaminga. Kjennskap til eventuelle konflikttilhøve gjev også søker høve til - i søknaden - å kunne presentere synspunkt på korleis slike tilhøve kan løysast.

## **Aktuelle lenkjer**

Fiskeridirektoratet: <http://www.fiskeridir.no>

Mattilsynet: <http://www.mattilsynet.no>

Statens forureiningstilsyn (SFT): <http://www.sft.no>

Direktoratet for naturforvalting (DN): <http://www.dirnat.no>

Kystverket: <http://kystverket.no>

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE): <http://www.nve.no>

# **Skjema for søknad - flytande anlegg**

## **Innleiing**

Søknadsskjemaet omfattar akvakultur i flytande og nedsenkbare anlegg i sjø, brakkvatn eller ferskvatn. Skjemaet omfattar også kunstige avstengingar/pollar i sjø eller brakkvatn. Dersom plassen i skjemaet blir for liten, kan opplysingane gjevast på eigne ark som skal leggjast ved. (Søknadsskjemaet omfattar ikkje havbeite, der er det eige søknadsskjema.)

## **Pkt. 1 Generelle opplysingar**

### **Pkt. 1.1 Søkjar**

Her skal søker sitt namn fyllast ut, anten det er ein privatperson som søker, eller eit selskap. Saman med opplysinga i Pkt 1.1.6 Organisasjonsnr. eller personnr. side 11, sikrar dette identifikasjon av kven som søker. Kravet om denne opplysinga er heimla i tildelingsforskrifta for andre artar § 10 og laksetidelingsforskrifta sin § 9. Juridiske personar (selskap) må vere stifta for å kunne sökje løyve, men det er ikkje eit krav for å sökje at selskapet er registrert i Brønnøysundregistra.

#### **Pkt.1.1.1 Telefonnummer**

Telefonnummer til søker

#### **Pkt. 1.1.2 Mobiltelefon**

Mobiltelefonnummer til søker

#### **Pkt. 1.1.3 Faks**

Faksnummer til søker

#### **Pkt. 1.1.4 Postadresse**

Postadresse til søker

#### **Pkt. 1.1.5 E-postadresse**

E-postadresse til søker

#### **Pkt 1.1.6 Organisasjonsnr. eller personnr.**

Her fyller ein ut organisasjonsnummer dersom selskapet er registrert i Brønnøysundregistra (går fram av firmaattesten). Dersom søker er ein privatperson eller eit enkeltmannsføretak, skal personnummeret førast opp.

## **Pkt 1.2 Ansvarleg for oppfølging av søknaden**

Dersom ein privatperson er søker, er det ikkje naudsynt å fylle ut pkt 1.2. For andre søkerar vil opplysingane i pkt 1.2 ha verdi for raskt å nå rette vedkommande i eit føretak.

#### **Pkt.1.2.1 Telefonnummer**

Telefonnummer til kontaktpersonen

#### **Pkt.1.2.2 Mobiltelefon**

Mobiltelefonnummer til kontaktperson

#### **Pkt. 1.2.3 E-postadresse**

E-postadresse til kontaktperson

## **Pkt. 1.3 Søknaden gjeld lokalitet i<sup>8</sup>**

### **Pkt.1.3.1 Fiskeridirektoratet sin region**

Her skal fyllast ut i kva av Fiskeridirektoratet sine sju regionar den omsøkte lokaliteten ligg.

### **Pkt.1.3.2 Fylke**

Her skal fyllast ut i kva fylke den omsøkte lokaliteten eller løyvet ligg. Opplysinga har verdi for å sikre handsaming av rett fylkeskommune som tildelingsmyndigkeit og rette sektormyndigkeit, og at rette planar mv. blir lagt til grunn for handsaminga.

---

<sup>8</sup> Laksetidelingsforskrifta § 33 (om regiontilknyting og dispensasjon) inneber at det ikkje kan søkjast lokalitet for ei tillating i annan region enn der den er heimehøyrande. Eventuell dispensasjon frå hovudregelen må særskilt behandlast av Fiskeridirektoratet.

### Pkt.1.3.3 Kommune

Her skal fyllast ut i kva kommune den omsøkte lokaliteten eller løyvet ligg. Opplysinga har verdi for at søknaden blir vidaresendt til rett kommune og rett sektormyndigheit, og at rette planar mv. blir lagt til grunn for handsaminga.

### Pkt.1.3.4 Lokalitetsnamn

Namn på staden det vert søkt for. Ved klarering vil namnet, som identifiserer lokaliteten, og eit lokalitetsnummer bli tildelt, og lagt inn i Fiskeridirektoratet sin havbruksdatabase. Dersom det vert framsett søknad frå fleire som ønskjer samlokalisering på lokalitet, må namn på andre sokjarar oppgjevest. Søknaden vil utløse krav om samtykkeerklæring frå dei øvrige, jf Pkt 6.1.8 Samtykkeerklæring

### Pkt. 1.3.5 Geografiske koordinatar

Det skal her oppgjevest koordinatar for midtpunktet av det planlagde anlegget med geografisk datum Wgs/Euref-89. Posisjonen skal oppgjevest i grader og minutt med tre desimalar på følgjande form:

- N gg - mm, mmm /Ø gg-mm, mmm

Søknaden/kartbilag skal også innehalde koordinatfesta **ytterpunkt** av anlegget i overflata, men det er tilstrekkelig at dette går fram av vedlegg, sjå pkt. 6.1.3 om dette. Det same gjeld i nokon grad koordinatar for fortøyningssystemet sine festepunkt.

## Pkt. 2 Planstatus og arealbruk

Kravet om opplysingar under dette punktet er heimla i laksetidelingsforskrifta sin § 30 b) og d) og i tidelingsforskrifta for andre artar § 7 b) og d). Opplysingane har verdi for å vurdere om lokaliteten kan klarerast. Nærare opplysingar kan ein få hos kommunen eller Fylkesmannen.

Pkt. 2 skal alltid fyllast ut, sjølv om forvaltinga kan vere kjent med eksisterande planar. Her kan ein gje opplysingar om sokjar sitt behov, eventuelt supplert med særskilte vedlegg. Eksempel på behov kan vere behovet for ei utviding. Når sokjar gjer seg kjent med planstatus mv., og sjølv opplyser dette i søknadsskjemaet, får forvaltinga informasjon om at sokjar er kjent med planane. Dette kan vidare ha verdi for avveging av arealinteresser. For dokumentasjonskrav sjå Pkt. 6 Vedlegg side 19.

### Pkt. 2.1 Planstatus og vernetiltak

Det skal kryssast av for om søknaden er i strid med vedtekne:

- Arealplanar etter plan- og bygningslova
- Vernetiltak etter naturmangfaldlova
- Vernetiltak etter kulturminnelova

Dersom ein kan svare ja på eitt eller fleire av desse spørsmåla, vil søknaden bli avvist. Den kan då ikkje innvilgast, jf. tidelingsforskrifta for andre artar § 7 d) eller laksetidelingsforskrifta § 30 d).

Dersom det er gitt dispensasjon frå plan eller vernetiltak, ser ein ikkje søknaden for å vere i strid med plan eller vernetiltak. Sjå vidare Pkt 6.3 Andre vedlegg side 21. Det kan i enkelte tilfelle vere tvil om søknaden er i strid med ein plan eller eit vernevedtak. Slike tilfelle må avgjeraast av vedkommande plan- eller vernemyndigheit. Særlege opplysingar om slike tilhøve kan gjevest under Pkt. 2.4 Supplerande opplysingar, eventuelt som eige vedlegg, jf Pkt 6.3 Andre vedlegg side 21.

### Pkt. 2.2 Arealbruk – arealinteresser

Behovet for søknaden

Her kan ein gje opplysingar om sokjar sine behov for lokaliteten, eventuelt supplert med særlege vedlegg. Eksempel på behov kan vere behov for fleire lokalitetar til eit akvakulturløyve for laks, behov for utviding i eit bestemt driftsmønster, tvunge opphør på anna lokalitet, behovet for akkurat denne lokalitet med omsyn til kor teneleg den er etc.

Anna bruk / andre interesser i området

Dette gjeld ikkje berre sjølve lokaliteten, men også dei omkringliggjande områda. Slike kan vere:

- eksisterande fiskeriinteresser
- friluftsliv
- anna akvakultur
- anna næringsverksemnd
- bruk av allemannsretten
- viltinteresser
- etc

Dersom lokaliteten ligg innanfor ein nasjonal laksefjord eller<sup>9</sup> eit nasjonalt laksevassdrag, skal dette oppgjevest.

#### Alternativ bruk av området

Dette gjeld ikkje berre sjølve lokaliteten, men også dei omkringliggjande områda. Det kan vere

- anna framtidig akvakultur
  - f. eks. andre artar og andre driftsformer, som er meir lønsamme og som området er særleg eigna for
- anna framtidig bruk så som andre
  - næringsinteresser
  - friluftsinteresser
- etc

Verneinteresser ut over pkt. 2.1, eksempelvis forslag til verneplanar

#### Pkt. 2.3 Konsekvensutgreiing

Kravet om konsekvensutgreiingar (KU) er heimla i plan- og bygningslova Kap. VII-a. Forskrift om konsekvensutgreiingar av 1. april 2005 krev KU for "større akvakulturallegg og settefiskanlegg for mer enn 5 millioner stk" dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø, naturressursar eller samfunn, jf. kriteria i forskrifta sin § 4.

Som hovudregel ser ein eit anlegg større enn 3 600 tonn maksimal tillaten biomasse for å vere eit større akvakulturallegg. Søknader om slike anlegg skal vurderast i høve til behov for KU ut frå om anlegget "kan få vesentlige virkninger for miljø, naturressurser eller samfunn" etter forskrifta sin § 3. For vurderinga er det gitt nærmere kriterium i forskrifta sin § 4. Basert på ei skjønsmessig vurdering av forskrifta sin § 4 og tilhøvet ved lokaliteten (eventuelt resipienten) kan hovudregelen fråvikast.

Når det gjeld sakhandsamingsreglar m.m. for handsaming av meldingar, er dette skildra i KU-forskrifta kap. III.

Søkjar har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om tiltaket er KU-pliktig. Etter 01.01.2010 vil fylkeskommunen vere ansvarleg myndighet etter KU-forskrifta og kan kontaktast for meir informasjon.

#### Pkt. 2.4 Supplerande opplysingar

Eventuelle supplerande opplysingar vedrørande planstatus og arealbruk kan ein oppgje her.

### Pkt. 3 Søknaden gjeld

Generelt

Det skal kryssast av i anten **pkt 3.1** eller **pkt 3.2**.

Pkt. 3.1 skal brukast til søknadar om lokalitet når omsøkt lokalitet ikkje arealmessig er i berøring med annan lokalitet, og når det ikkje er akvakultur på lokaliteten pr. i dag. Lokalitet er eit geografisk område som installasjonen inklusive fortøyinger i overflata beslaglegg. (Jf. definisjonen i tildelingsforskrifta for andre artar § 3 med merknader, samt laksetildelingsforskrifta sin § 4 med merknader.)

Pkt. 3.2 skal brukast når søknaden gjeld endringar på lokalitet.

#### Pkt. 3.1 Klarering av ny lokalitet

Pkt. 3.1 skal brukast for alle søknader om akvakultur der det ikkje er løyve på lokaliteten frå før.

Nokre løyve vert tildelt i to trinn. Dette gjeld løyve til akvakultur av **matfisk av laks, aure og regnbogeaure**. (Laksetildelingsforskrifta sitt kap. 3 - matfisk, og kap. 5 (kapitel 5 gjeld løyve til forsking, fiskepark, slaktemerd, undervising, vising og stamfisk). I laksetildelingsforskrifta § 8 er det fastsett at skjemaet skal brukast for alle søknader etter kapittel 5. For kommersielle løyve til matfisk etter kapitel 3 må løyvet vere tildelt til person eller selskap før det kan søkjast klarering av lokalitet på dette skjemaet pkt. 3.1. Ei slikt tilsegn skal då vedleggjast, jf. pkt. 6. Løyve har i ein del av disse tilfella ikkje fått tildelt noko løyvenummer. Jf. også pkt. 3.3.1.

Det er i forskriftene ulike maksimale grenser for ulike typar løyve. Søknad som gjeld fisk, skal oppgjevest i maksimalt (MTB) ståande biomasse, då dette er den grensa løyvet vert gitt med (tildelingsforskrifta for andre artar § 12, laksetildelingsforskrifta §§ 15, 21, 28 b). For blautdyr, krepsdyr og pigghuder kan det søkjast i talet på individ, volum, areal, biomasse eller i kombinasjon, og det er ikkje fastsett øvre grenser, jf. tildelingsforskrifta for andre artar § 13. Avgrensing av løyve til blåskjel skal likevel søkjast og fastsetjast i dekar, jf. § 13 andre ledd.

---

<sup>9</sup> Det vert ikkje gitt godkjenning for etablering eller utviding av akvakulturallegg i sjø for produksjon av anadrom fisk i nasjonal laksefjord dersom dette medfører ei auke av maksimal tillaten biomasse.

Dersom ein søker om fleire løyve på ny lokalitet (dvs. en storleksavgrensing som ikkje kan tildelast i eit løyve), kan det likevel brukast eitt skjema.

Dersom det vert framsett søknad frå fleire som ønskjer samlokalisering/tillating på lokaliteten, må namna på dei andre søkerane oppgjevast. Søknaden vil utløyse krav om samtykkeerklæring frå dei øvrige, jf. pkt. 6.1.8.

## Pkt. 3.2 Endring

Lokalitetsnummer.

Skal brukast når søknaden gjeld endringar på lokalitet. Lok.nr. er lokalitetsnummeret i Fiskeridirektoratet sin havbruksdatabase. Pkt 3.2 skal også brukast for søknad om nytt løyve på ein alt tildelt lokalitet (også dersom andre har løyvet).

Løyvenummer

Løyvenummer for gitt akvakulturtillating skal alltid oppgjevast, og gjer forvaltinga viktige referansar<sup>10</sup>. Det gjer informasjon om kva type løyve som er tildelt, biomassegrense, mv. Dersom det (på søknadstidspunktet) alt er tildelt fleire løyve på lokaliteten, må det fyllast ut fleire løyvenummer her. Det skal i tillegg fyllast ut dei nye løyvenummer(a) som endringa/søknaden omfattar. Det kan ikkje søkjast om endringar på fleire lokalitetar i eitt skjema.

Alle endringar av tildelt løyve skal i utgangspunktet omsøkjast. Enkelte endringar av anlegget innanfor tildelt lokalitet er unntatt frå søknadsplikt. Dette gjeld visse tilfelle av endringar som gjeld **utskifting av anlegget innanfor tildelt lokalitet**. Lokalitet omfattar arealet til installasjonen og fortøyningar i overflata, (samt volumet nedover i vass-søyla, direkte under arealavgrensinga i flytande anlegg). **Innanfor tildelt** løyve kan det gjerast endringar utan søknad under følgjande grunnlag som alle må vere oppfylte:

- at fortøyningar, fôrslangar og liknande utanfor lokaliteten sitt areal ikkje vert endra.
- at miljøtilstanden i resipienten, for eksempel strandsona, ikkje vert forverra som følgje av tiltaket.
- at gjeldande bestemmingar er tilfredsstilte.

Som det går fram av dette unntaket, er det svært avgrensa, og gjeld berre nokre tilfelle av utskifting av anleggsdelar. Alle andre endringar skal det søkjast om, og skjemaet skal i sin heilheit fyllast ut og sendast til fylkeskommunen til handsaming. Gebyr skal betalast.

Dei fleste søknader som gjeld dreining av anlegg i sjøen, sjølv om det er innanfor tildelt areal, vil normalt **ikkje** falle inn under unntaket, bl.a. fordi det ofte gjer det naudsynt med endringar av fortøyningar utanfor lokaliteten. (Jf. likevel nedanfor om at fiskerimyndigheitene **kan**, etter at ein søknad er fremja, vurdere ei forenkla søknadshandsaming for nokre av desse tilfellene).

Endringa gjeld:

Det er seks alternativ for kva endringa gjeld, og det kan vere aktuelt å krysse av i fleire rubrikkar. For alle alternativ er opplysingane relevante, og vil bli vurdert i samanheng med opplysingane i Pkt. 4 Omsyn til side 16.

- **Arealbruk/utviding.**  
Alle endringar som inneber utviding i høve til arealet skal omsøkjast, og krev nærmare utgreiing for under skisser i pkt. 6.1.3.. Eldre løyve er i dag tildelt med referanse til bestemte skisser som uttrykkjer arealbruken. Fiskeridirektoratet vil fastsetje og registrere areal for alle lokalitetar som er og blir tildelt.
- **Biomasse**  
Når avgrensinga er biomasse, skal både auken og den totale storleiken oppgjevast i tonn.
- **Anna storleik**  
Dersom løyvet er avgrensa i anna enn biomasse. Den totale storleiken skal oppgjevast, inklusive omsøkt storleik i denne nye søknaden.
- **Løyve til ny innehavar på lokaliteten**  
Dette kan vere aktuelt dersom søknaden gjeld klarering av lokaliteten for eit nytt løyve. Søknaden vil då utløyse krav om samtykkeerklæring frå dei øvrige med klarering på lokaliteten. Men andre krav i samband med sjølve klareringa vil i utgangspunktet ikkje vere naudsynt, med mindre det ikkje samtidig vert søkt om løyve til andre endringar.
- **Endring av art**  
Endring av art på ein lokalitet er ein søknad om nytt løyve. Søknad om endring av art frå den innehavar som har løyve på lokaliteten, er samstundes ei erklæring om opphør av løyve for den tildelte arten. Dersom løyve vert tildelt, vil det første løyvet bli sletta, og eit nytt løyve verte tildelt. Dersom søknaden er meint å innebere løyve til fleire artar på same

<sup>10</sup> Fiskeridirektoratet sitt register over akvakulturtillatingar er tilgjengeleg på:  
<http://www.fiskeridir.no/register/akvareg/>

lokalitet<sup>11</sup>, ber ein om at dette vert opplyst særskilt under Pkt. 3.6 Supplerande opplysingar. Art oppgjer ein i Pkt. 3.3 Art.

- Anna  
Dersom endringa er anna enn det som er oppgitt ovanfor, skal dette spesifiserast nærmere.

#### **Forenkla sakshandsaming**

Dersom søknaden **kun** inneber endring av fortøyinger, förlangar eller liknande **utanfor** lokaliteten i overflata, kan ein underleggje søknaden ei forenkla handsaming. Dette vil innebere at søknaden vert oversendt til Kystverket (ferdsleinteresser), i nokre tilfelle til kommunen (inkludert eventuelt kunngjering) og (friluftsinteresser mv.) for uttale og fiskerimyndighetene for uttale mht. villfiskinteresser. Fylkeskommunen sin tilgang til dette vil avhenge av både søknaden, og området lokaliteten ligg i. Skjemaet skal fyllast ut i sin helheit og gebyr skal betalast, jf Pkt. 6 Vedlegg side 19.

#### **Pkt. 3.3 Art**

Her skal det kryssast av for arten det vert søkt om. Kravet om denne opplysinga er naudsynt fordi moglegeheiter og kriterium for tildeling i stor utstrekning er avhengig av arten det vert søkt om.

##### **Pkt. 3.3.1 Laks, aure eller regnbogeaure**

Dersom det gjeld laks, aure eller regnbogeaure, er det også naudsynt at tillatinga sitt formål vert kryssa av, då det er ulike kriterium og prosedyrar for dei ulike typane tillatingar for desse artane, jf. det som er sagt ovanfor i pkt. 3.1 Klarering av ny lokalitet. (Dersom søknaden gjeld settefisk av laks, aure og regnbogeaure, - gå til pkt. 3.4. og kryss av for settefisk der.)

**Kommersielle** løyve til matfisk vert tildelt etter laksetildelingsforskrifta kapittel 3. For løyve til særlege føremål vert det vist til laksetildelingsforskrifta kapittel 5, og særleg § 22 som listar opp dei ulike særlege føremål: Desse er:

**Forsking**

**Fiskepark**

**Slaktemerd**

**Undervising**

**Visingsføremål**

**Stampfisk**

##### **Pkt. 3.3.2 Annan fiskeart**

Anna alternativ er annan fiskeart enn laks, aure eller regnbogeaure, og det skal oppgjevast ein art. Artens *latinske* namn skal også oppgjevast. Tildelingsforskrifta for andre artar § 4 gjev ikkje høve til å gje ei tillating til fleire artar, slik at det må søkjast fleire tillatingar dersom dette er aktuelt. Det vert likevel opna for dispensasjon.

##### **Pkt. 3.3.3 Annan akvakulturart**

Tredje alternativ er annan akvakulturart, som vil vere alle andre artar enn fisk. Den bestemte arten det vert søkt om skal oppgjevast her. Arten sitt norske og *latinske* namn skal oppgjevast.

#### **Pkt. 3.4 Type akvakulturtillating**

Her skal det normalt kryssast av i ein av rubrikkane. Kravet om denne opplysinga er heimla i tildelingsforskrifta for andre artar § 4 nr. 3, laksetildelingsforskrifta § 3, jf § 4. Det følgjer også av etableringsforskrifta § 6 om krav til søknaden at det skal oppgjevast produksjonsform, som inneber det same.

**Settefisk** kan her berre vere aktuelt dersom søknaden gjeld **andre** fiskeartar enn laks, aure og regnbogeaure. (Settefisk for laks, aure eller regnbogeaure kan ikkje tildelast på sjøvasslokalitet, jf. laksetildelingsforskrifta § 31). Settefisk av andre artar er definert som: rogn, yngel eller andre tidlege livsstadium som vert produsert med sikte på overføring til andre lokalitetar eller annan type produksjon. Dette inneber for eksempel at også påvekstanlegg med marin fisk som skal overførast til andre lokalitetar vil vere settefisk.

Når det gjeld krepsdyr, blautdyr og pigghuder, kan det søkjast om tillating til akvakultur av både tidlege og seinare livsstadium i ein søknad. For desse artane kan det ved dispensasjon tildelast i éi tillating. Dersom dette er ønskeleg, skal ein krysse det av i to rubrikkar.

Rubrikken "anna" skal brukast når dei øvrige rubrikkane ikkje passar. Dersom søknaden gjeld eit påvekstanlegg, skal det framgå her. Det kan for eksempel vere søknad frå fiskarar og tilverkarar som på bestemte vilkår kan innvilgast eit spesielt

<sup>11</sup> Innt tildelingsforskrifta for andre artar § 4 gjeld tillatinga **ein bestemt art**. Søknaden vil innebere dispensasjon frå nemnte avgjerd jf. same forskrift sin § 21.

løye (mannsløye), jf. tildelingsforskrifta for andre artar § 10 tredje ledd. Akvakultur av villfanga marin fisk (fangstbasert havbruk) kan det også søkjast om her, jf. tildelingsforskrifta for andre artar § 12 fjerde ledd.

### **Pkt. 3.5 Tilleggsopplysingar dersom søknaden gjeld matfisk av laks, aure eller regnbogeaure**

#### **Pkt 3.5.1 Disponible lokalitetar**

Her skal det fyllast ut kva lokalitetar som er klarert for denne bestemte akvakulturtillatinga frå før, og ein må oppgje lokalitetsnummer. Det skal fyllast ut alle klarerte lokalitetar, sjølv om desse av ulike grunnar ikkje er i bruk. Opplysingane kan ha betydning for tildeling, eksempelvis om maksimalt tal på tilletne lokalitetar pr. akvakulturtillatt i laksetidelingsforskrifta sin § 34. Opplysingane kan hentast i Fiskeridirektoratet sitt register over akvakulturtillatingar som er tilgjengeleg på: <http://www.fiskeridir.no/register/akvareg/>

Når søknaden gjeld fleire løye, kan det vere naudsynt med eige vedlegg for dette.

Krav om utfylling av opplysingane i skjemaet effektiviserer forvaltinga sitt arbeid med søknaden.

#### **Pkt. 3.5.2 Gjeld klareringa i anna region enn tildelt**

For å få klarert lokalitet, vert det normalt kravd at omsøkt lokalitet ligg i same region som akvakulturløyvet er heimehøyrande i. Dette er ikkje endra som følgje av at fylkeskommunane har tildelingsmyndigheita. Dersom det vert søkt klarering av lokalitet i anna region, er dette viktig å få opplyst. Det vert vist til laksetidelingsforskrifta sin § 33 om dette.

Å krevje opplysinga opplyst her, gjev forvaltinga informasjon om at søkjær kjent med tydinga av regiontilknyting, og at handsaminga utan slik tilknyting ikkje er kurant.

### **Pkt. 3.6 Supplerande opplysingar**

Her gjev ein eventuelle tilleggsopplysingar som søkjær meiner er relevante under Pkt. 3 Søknaden gjeld. Her kan det for eksempel gjevast opplysingar om lokalitetar som søkjær seier frå seg dersom søknaden vert innvilga.

## **Pkt. 4 Omsyn til**

- folkehelse
- smittevern og dyrehelse
- miljø
- ferdsle og sikkerheit til sjøs

### **Pkt. 4.1 Omsyn til folkehelse.**

#### **Ekstern forureining**

Akvakulturanlegg vil bli vurdert individuelt med omsyn til for eksempel avstand til utslepp av avlaupsvatn, miljøgifter, industri eller andre forureiningskjelder. Meir informasjon om grunnlaget for sakshandsaminga fins i rettleiarens til etableringsforskrifta punkt 3. Krav om slike opplysingar er heimla i etableringsforskrifta § 6. I denne samanheng skal søknaden også innehalde internkontrollsysteem som sannsynleggjer at krav til smittehygienisk og velferdsmessig forsvarleg drift, herunder risikobasert helsekontroll, oppretthalding av god vasskvalitet og journalføring, kan etterlevast.

Søknaden skal innehalde opplysingar om utslepp frå kloakk, industri (eksisterande eller tidlegare verksemde) landbruk og liknande innanfor 5 km frå anlegget. Utslepp skal avmerkjast på kartutsnittet omtalt i Pkt. 6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse side 19.

Ved søknad om etablering av slakteri ved slakteri skal søknaden også innehalde opplysingar om mikrobiologisk vasskvalitet, jf. kvalitetsforskrift for fisk og fiskevarer. Desse opplysingane skal gjevast som vedlegg under pkt. 6.3.

### **Pkt. 4.2 Omsyn til smittevern og dyrehelse**

#### **Pkt. 4.2.1 Akvakulturrelaterte verksemder eller lakseførande vassdrag i nærområdet m.m. innanfor 5 km**

Her skal det fyllast ut namn og registreringsnummer for alle akvakulturanlegg samt namn og plassering for anna akvakulturverksemde som fiskeslakteri, tilverkingsanlegg og notvaskeri, innanfor ein avstand på 5 km frå den omsøkte lokaliteten. I tillegg skal søknaden innehalde opplysingar om restitusjons- og mellomlagringsmerdar, registrerte kaste- og låssetjingsplassar og viktige lakseførande vassdrag innan ein avstand på 5 km. Alle akvakulturrelaterte verksemder i nærområdet skal avmerkjast på kartutsnittet omtalt i Pkt. 6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse side 19.

Kravet om desse opplysingane er heimla i etableringsforskrifta §§ 5 og 6. Det vert spesielt vist til rettleiarens til etableringsforskrifta sin § 5 som er lagt ut på Mattilsynet si heimeside: <http://www.mattilsynet.no>

#### **Pkt. 4.2.2 Driftsform**

Her skal det fyllast ut opplysingar som skisserer det planlagde driftsopplegget og spesielt om akvakulturverksemda vil basere seg på flytting av levande akvakulturdyr som ledd i regulær drift (oppsplitting, mellomlagring, påvekstanlegg).

Kravet om desse opplysingane er heimla i etableringsforskrifta § 6 andre ledd punkt 3.

#### **Pkt. 4.3 Omsyn til miljø**

Ei bærekraftig akvakulturnærings forutset at anlegga blir riktig lokalisert, med tilfredsstillande resipientforhold og i minst mogleg konflikt med ålmenta sin interesser, friluftsliv, naturverdiar og biologisk mangfald. Dette betyr at søknaden må:

- handsamast etter forureiningslova, for å sikre at det ikkje skjer skadeleg forureining som følgje av aktiviteten.
- vurderast i høve til anlegget sitt konfliktpotensial overfor vilt- og biologisk mangfald, fisk, natur, friluftsliv og ålmenta sine interesser.

For at myndighetene skal kunne vurdere dette, må søker framskaffe ein del opplysingar som skal ligge til grunn for handsaminga av saka.

- Alltid undersøkingar av vassutskiftinga på lokaliteten, straumretning og -hastigkeit, botntopografi og -tilstand samt ev. tersklar. Dokumentasjonen skal følgje søknaden, både for nye lokalitetar og for utvidingar.
- Det vil også kunne krevjast undersøkingar knytt til det biologiske mangfaldet på lokaliteten.

#### **Pkt. 4.3.1 Årleg planlagt produksjon**

Forventa årleg produksjon i tonn skal oppgjevast. Dette estimatet vert ikkje knytt til tillatinga, men vil indirekte vere eit estimat for forventa forureiningsbelasting på lokaliteten.

#### **Pkt. 4.3.2 Forventa fôrforbruk**

Forventa fôrforbruk pr. år skal oppgjevast i tonn. Dette estimatet vert ikkje knytt til tillatinga fra fylkeskommunen, men vil indirekte vere eit estimat for forventa forureiningsbelasting på lokaliteten.

#### **Pkt. 4.3.3 Miljøtilstand**

##### **Sjø**

Slik(e) undersøking(ar) skal gjerast i høve til NS 9410 (B- og C-undersøkingar) eller tilsvarande miljøundersøking gjort i høve til internasjonal standard/anerkjent norm. Kravet gjeld for søknad om akvakultur av fisk på lokalitetar i sjøvatn.

##### **Alternativ miljøundersøking (i sjø)**

På lokalitetar der undersøking i høve til NS 9410 eller tilsvarande miljøundersøking vanskeleg lar seg gjennomføre på grunn av djupnetihøve eller lokalitetar med stein- eller fjellbotn, kan fylkeskommunen i samråd med Fylkesmannen fatte vedtak om alternativ miljøundersøking. I slike tilfelle må det som eit minimum krevjast gode faglege beskrivingar av sedimentering av utslepp frå anlegget, og det kan difor vere trøng for ytterlegare straummålingar.

##### **Ferskvatn**

Klima- og forureiningsdirektoratet – Klif (tidlegare SFT) sin rettleiar "Klassifisering av miljøkvalitet i ferskvann" 97:04 (TA-nummer 1468/1997) kan brukast som utgangspunkt for å beskrive ferskvassresipienten sin tilstand i ein søknadsprosess der miljøtilstanden ikkje alt er tilstrekkeleg kjent gjennom andre undersøkingar.

##### **Miljøundersøking**

###### **Undersøking av biologisk mangfald mm**

Ifølgje akvakulturlova sin § 11 kan departementet i enkeltvedtak eller i forskrift krevje at den som har eller søker om akvakulturløyve skal gjere naudsynte miljøundersøkingar og dokumentere miljøtilstanden på lokaliteten ved etablering, drift og avvikling av akvakultur. I Ot.prp nr. 61 (2004 – 05) vert det påpeikt at dette også gjeld undersøkingar knytt til økologiske effektar, herunder biologisk mangfald.

Undersøkingar knytt til det biologiske mangfaldet på lokaliteten kan vere mest aktuelt når Fylkesmannen ikkje har tilstrekkeleg oversikt over mangfaldet i nærleiken av lokaliteten til å avgjere om etablering kan komme i konflikt med truga, sårbare artar eller artar som Noreg har spesielle plikter for å ivareta. Dette er ikkje fastlagt pr. januar 2010. Eventuell undersøking skal utførast av fagleg kompetent personell.

#### **Pkt. 4.3.4 Straummåling**

#### Ved utslepp til sjø

Konkrete straummålingar inngår i grunnlaget for vurdering av lokaliteten si bæreevne<sup>12</sup>. Målingane skal utførast av kvalifisert personell. Tildelingsforskriftene krev at miljøundersøkingar skal utførast av "kompetent" organ, men dette er ikkje eit krav for straummålingar. Resultatet av målingane skal førast inn i skjema. Utskrift av straummålinga skal leggjast ved. Av utskrifta skal det gå fram når straummålinga er teken. Straumen skal oppgjevest i cm/sek og målingane skal utførast etter følgjande retningslinjer:

##### Vassutskiftingsstraum.

Målast i den halve djupna av planlagt merddjupne (f.eks. Not = 10 m / Måledjupne = 5 m).

##### Spreiingsstraum.

Målast midt mellom merdbotnen og sjøbotnen, men likevel ikkje djupare enn 50 m frå merdbotnen.

##### Botnstraum.

Målast 1 m over sjøbotnen, men likevel ikkje djupare enn 100 m frå merdbotnen.

For å få representative straummålingar, må desse takast kontinuerleg over ein periode på minst 4 veker. Straummålaren sin posisjon skal teiknast inn i høve til anlegget si plassering, jf. Pkt. 6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse.

For straummålingar som nemnt ovanfor skal ein oppgje:

- Maksimum
- Minimum
- Varians<sup>13</sup>
- Middel
- Retning (dvs hovudstraumretning)

Verdiar for vassutskiftingssstraum kan brukast til utrekning av forsvarleg tettheit.

Konferer også Pkt. 4.3.3 side 17 under "Sjø".

#### Ved utslepp til ferskvatn

I enkelte ferskvassresipientar, og der reinsegraden ikkje vil vere god, kan det vere trong for å gjere straummålingar i samband med søknaden for å undersøkje kva område av recipienten som vil kunne få auka tilførsel av organisk materiale.

#### Pkt. 4.3.5 Salinitet

Med unntak av ferskvasslokalitetar skal lokaliteten sin salinitet gjevest opp. Eksempelvis kan den bestemmost ved hjelp av CTD-sonde (Conductivity, Temperature, Depth). Sonden skal senkjast ned i vatnet, og det skal gjerast målingar for kvar 5 m nedover i vass-søyla ned til 1 m over botnen. Sonden skal lesast av, og maks-/min-verdiar med tilhøyrande djup skal førast inn i skjemaet.

I skjemaet fører ein inn tidspunkt for målinga.

Målingar skal skje på det tidspunktet som er kritisk for dei tilhøva som vert søkt kartlagt, slik som vurdering av spreing av forureining.

### Pkt. 4.4 Omsyn til ferdslle og sikkerheit til sjøs

#### Pkt.4.4.1 Minste avstand til trafikkert lei/areal

Her oppgjer ein minste avstand til trafikkert lei/areal.

#### Pkt. 4.4.2 Rutegåande trafikk i området

Her oppgjer ein all rutegåande sjøtrafikk i området der anlegget er planlagt. Oppgje kva selskap som opererer denne trafikken.

#### Pkt. 4.4.3 Sjøkabler, vass-, avlaups- og andre rørleidningar

Informasjon hentast inn og presenterast her om kraft- og telekabler, vass- og avlaupsleidningar, samt eventuelle andre rørleidningar i sjø i området der anlegget er planlagt. Eigar av desse (kommune, lokal kraftleverandør, teleoperatør og/eller lokale bedrifter) skal oppgjevest. Plassering teiknast inn, jf. Pkt. 6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse side 19.

#### Pkt. 4.4.4 Anlegget si lokalisering i høve til sektorar frå fyr og lykter

Her skal ein krysse av det planlagde anlegget si lokalisering i høve til sektorar frå fyr og lykter

<sup>12</sup> Denne straummålinga har eit anna føremål enn den ved lokalitetsklassifisering etter NS 9415. Sistnemte skal identifisere ein ekstremesituasjon.

<sup>13</sup> Straumen sin varians er eit uttrykk for variasjonen av straumhastigheita i vass-søyla.

## Pkt. 4.5 Supplerande opplysingar

Her gjer ein tilleggsopplysingar som søker meiner er relevante under Pkt. 4 Omsyn til.

## Pkt. 5 Supplerande opplysingar

Her kan ein gje tilleggsopplysingar som søker meiner gjev ei relevant utdyping av søknaden.

## Pkt. 6 Vedlegg

For søker som gjeld fisk, skal både vedlegg under Pkt 6.1 Til alle søker og Pkt. 6.2 Når søkeren gjeld akvakultur av fisk, leggjast ved. Opplistinga over vedlegg under pkt. 6 må likevel vurderast. Ikkje alle vedlegg er naudsynt for alle typar søker. Det kan vere unntak frå at alle vedlegg under pkt 6.1 skal leggjast ved, og det vil då bli kommentert under det enkelte punkt. Tilsvarande under pkt 6.2.

### Forenkla sakshandsaming

Dersom søker alt før søkeren er innsendt meiner at søkeren kvalifiserer til forenkla behandling, jf. pkt. 3.2. side 10 (Forenkla sakshandsaming), kan fylkeskommunen akseptere at vedleggskrav til søkeren vert avgrensa til følgjande:

- Dokumentasjon for betalt gebyr jf. Pkt. 6.1.1.
- Anleggsskisse 1:1000 og Kart i N-5serie, ev. Olex,C-Map (1:5000 med flåte og fortøyningssystem) jf Pkt. 6.1.3.

Dersom fylkeskommunen under behandlinga kjem til at innsendte vedlegg likevel ikkje er tilstrekkeleg, kan det krevjast ytterlegare opplysingar.

## Pkt. 6.1 Til alle søker

### Pkt 6.1.1 Kvittering for betalt gebyr

Dokumentasjon for at gebyr er betalt skal vedleggjast alle søker. Dette er heimla i gebyrforskrifta sin § 5. I avgjerda er det også sagt at søker som det ikkje er betalt gebyr for, vert sett som ikkje fullstendige og vil bli returnerte. Det går fram av forskrifta sin § 2 at gebyret er kr 12 000 pr. søker (dvs. eitt gebyr pr. innehavar og pr. tillating). Unntatt er søker om løyve til fiskarar om akvakultur av villfanga marin fisk, og søker om løyve til fiskepark, jf. innleiing under saksgang og sakshandsamingsgebyr.

Dokumentasjonen til fylkeskommunen kan vere stempla kvittering frå post eller bank, nettbankkvittering påklistra originaloblat, eller kontoutskrift (også frå nettbank) som viser utført belasting av gebyr og at Fiskeridirektoratet er mottakar. Gebyret skal innbetalast til Fiskeridirektoratet, konto nr. 7694 05 09048 og merkjast med "gebyr havbruk".

Det skal betalast eitt gebyr pr. søker. (Dvs eitt gebyr pr. innehavar og pr. akvakulturløyve.) Det er likevel slik at - for same innehavar - ved søker om auke av biomasse på ein alt klarert lokalitet, betalast berre eitt gebyr for kvar standard størrelse (eks. 780 tonn) som det vert søkt utviding med.

### Pkt. 6.1.2 Straummåling

Vedlegg slik som skildra i

Pkt. 4.3.4 side 17.

### Pkt. 6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse

Kartutsnitt og anleggsskisse slik det går fram av Figur 2.

Dersom søkeren gjeld **kun** biomasseendring av alt klarert lokalitet, er det ikkje naudsynt å leggje ved kartutsnitt til søkeren dersom ikkje endringa rører arealbruken i høve til gitt løyve.

Ved alle nye søker og søker som inneber andre endringar skal alle nemnte kart leggjast ved.

Anlegget sine koordinatfesta ytterpunkt skal gå fram av søkeren, (i tillegg til midtpunktet), jf. pkt. 1.3.5. Med anlegget sine ytterpunkt meiner ein knekkpunkt der dei synlege hovudblåsene bryt vassflata. Ved bruk av digitale sjøkart vil det vere mest hensiktsmessig at koordinatane for ytterpunkt vert oppgitt på kartbilaget i 1:5000. Eventuelt kan ytterpunktet gjevast referanse (1,2,3 osb.) på anleggsskissa til ei opplisting på vedlegg. Det vil vere viktig at ei opplisting vert skiven av i rett rekkefølge, ved at ein startar med det nordlegaste punktet, og så følgjer klokka vidare.

Oppdatert kystkontur må tydelig gå fram av vedlegget 1:5000.

Dersom anlegget vert søkt i nærleiken av hovudlei eller bilei, bør det også gjevast opp koordinatar for fortøyningssystemet sine festepunkt (bolt, lodd eller anker).

Eventuelle forslangar, kablar og liknande som skal plasserast utanfor anlegget sine ytterpunkt, skal teiknast inn på anleggsskissa.

#### **Pkt. 6.1.4 Undervasstopografi**

Undervasstopografi skal vere dokumentert ved opplodding – type Olex eller liknande – eller ved kopi av hydrografisk original<sup>14</sup>.

Kunnskap om lokaliteten sin undervasstopografi er naudsynt både for å vurdere lokaliteten sin resipientkapasitet, og for å kunne planlegge fortøyningssystemet. For søknader som skal inkludere miljøundersøkingar (jf. Pkt. 4.3.3 Miljøtilstand side 17) vil den delen som vedrører undervasstopografi vere inkludert.

#### **Pkt. 6.1.5 Beredskapsplan**

Her meiner ein kravet om beredskapsplan for å ivareta smittemessige tilhøve, som er heimla i etableringsforskrifta sin § 6, e)<sup>15</sup>. Beredskapsplanen skal omfatte opptak og behandling av sjuke og daude akvatiske dyr og smittehygienisk forsvarleg transport frå anlegget til slakting, og eventuell destruksjon i samband med påvisning av smittsam sjukdom. Beredskapsplanen må vere tilpassa omsøkt anleggsstorleik slik at det til eikvar tid skal vere realistisk å gjennomføre ei forsvarleg utslakting/destruksjon av all fisk på lokaliteten i løpet av maksimalt 80 verkedagar frå ei sjukdomspåvisning.

Dersom verksemda er avhengig av andre aktørar for transport, slakting og destruksjon, bør beredskapsplanen innehalde skriftlege avtalar med slakteri, brønnbåtselskap og firma som på ein forsvarleg måte kan ta imot og behandle aktuelle mengder sjuk eller daud fisk.

#### **Pkt. 6.1.6 Konsekvensutgreiing**

Konsekvensutgreiing som skildra Pkt. 2.3 Konsekvensut side 13.

#### **Pkt 6.1.7 Spesielt vedlegg ved søknad om utviding eller etablering av lokalitetar større enn 3120 tonn MTB.**

I nokre tilfelle er det aktuelt å stille særskilte vilkår til godkjenninga. Mattilsynet vil som hovudregel krevje dokumentasjon på gjennomført helsemessig tilfredsstillande drift ved eit produksjonsomfang i storleiksordenen 2340 – 3120 tonn MTB i minst éin produksjonssyklus før utviding til produksjon over 3120 tonn kan setjast i verk. Slike søknader bør derfor ha eit spesielt vedlegg som inneholder utfyllande opplysingar om anlegget sin helsestatus i siste produksjonssyklus før utvidinga. Vedlegget bør innehalde opplysingar om status for kontroll og bekjemping av lakselus, opplysingar om gjennomføring av helsekontroll med alle sjukdomsdiagnosar og relevante undersøkingar (kopi av svarbrev frå laboratorieundersøkingar). Vedlegget bør også innehalde ei vurdering av helsestatus i nærområdet.

Informasjon om grunnlaget for sakshandsaminga fins i rettleiar til etableringsforskrifta punkt 2.3. Kravet om desse opplysingane er heimla i etableringsforskrifta § 6.

#### **Pkt 6.1.8 Samtykkeerklæring**

Dersom søknaden inneber at det skal drivast samlokalisering på lokaliteten, skal ein samtykkeerklæring leggjast ved. Dette fordi innehavarane i ein samlokalisering er solidarisk ansvarlege for overskriding av lokalitetsbiomassen, jf akvakulturdriftsforskrifta<sup>16</sup>'s § 47<sup>17</sup>.

#### **Pkt.6.1.9. IK-system**

Etableringsforskrifta § 6 f) stiller også krav til at søknaden skal innehalde "Internkontrollsysteem som sannsynleggjer at krav til smittehygienisk og velferdsmessig forsvarlig drift, herunder risikobasert helsekontroll, oppretthalding av god vasskvalitet og journalføring, kan etterlevast."

### **Pkt. 6.2 Når søknaden gjeld akvakultur av fisk**

#### **Pkt. 6.2.1 Miljøtilstand**

Vedlegg slik som beskrive i Pkt. 4.3.3 side 17.

#### **Pkt. 6.2.2 Tilsagn om akvakulturløyve**

Dersom løyvet foreløpig er gitt som ei tilsegn, og løyvet enno ikkje er tildelt løyvenummer, skal tilsegna leggjast ved. Tilsegna vil gje forvaltinga opplysing om at søknad etter pkt.3.1. Klarering av ny lokalitet. Pkt. 3.1 kan fremjast. Tilsegna må vere gitt til same person/selskap som er oppført som søker etter Pkt. 1 Generelle opplysing (sjå side 11).

#### **6.2.3. Aktivitetsbeskriving til søknad om stamfisk av laks, aure og regnbogeaure**

<sup>14</sup> Bruk av kopi av hydrografisk original er underlagt sikkerheitsbestemmingar.

<sup>15</sup> Krav til beredskapsplan til søknaden omfattar ikkje dei krav som er sett i akvakulturdriftsforskrifta sin § 7, første, tredje og fjerde lekk om beredskapsplan under drifta mot. rømming, algeberedskap mv.

<sup>17</sup> Samdrift er ein spesiell driftsform som eventuelt kan meldast om etter at samlokalisering er innvilga. Slik melding skal i tilfelle sendast Fiskeridirektoratet sitt regionkontor, jf. akvakulturdriftsforskrifta § 49. Når det gjeld samlokalisering krev ein her ei eiga samtykkeerklæring frå dei som har løyve på lokaliteten frå før eller som ein søker saman med, fordi samlokaliseringa vil medføre eit solidaransvar etter akvakulturdriftsforskrifta § 47 siste ledd.

Det vert vist til informasjon på Fiskeridirektoratet si heimeside under Akvakultur, Stamfisk om kva ei aktivitetsbeskriving skal innehalde.

### Pkt 6.3 Andre vedlegg

Andre vedlegg som kan vere aktuelle (lista er ikkje uttømmande):

- Dokumentasjon for å stille sikkerheit for blåskjelløyve, sjå omtale på side 7.
- Til pkt 1.1 Stiftingsdokument  
Skal leggjast ved dersom søker ikkje er registrert i Brønnøysundregistra på søknadstidspunktet
- Til pkt 2.1
  - Avgjerd om at søknaden ikkje er i strid med plan (gjeld dei sjeldne tilfella der det har vore tvil om det har vore trong for dispensasjonshandsaming eller ikkje).
  - Dispensasjon frå plan.  
Vedtak om dispensasjon frå plan skal leggjast ved i dei tilfelle kartvedlegga ikkje viser at dispensasjon er gitt.
  - Samtykke frå plan- eller vernemyndighet til handsaming etter akvakulturlova sjølv om det er i strid, jf. tildelingsforskrifta for andre artar § 7 siste ledd, eller laksetildelingsforskrifta sin § 30 siste ledd.
  - Dokumentasjon på mikrobiologisk vasskvalitet ved etablering av slaktemerk ved slakteri, jf. pkt 4.1.
- Til pkt 3.5.2.  
Søknad om dispensasjon frå regiontilknyting. Vedlegg som skildra i ”Pkt. 3.5.2 Gjeld klareringa i anna region enn tildelt” side 16.
- Økonomisk evne til å gjennomføre prosjektet.  
Her kan leggjast ved dokumentasjon på at søker vil ha økonomisk evne til å starte og drive verksemda det vert søkt om. Prosjekt som ikkje klarer å starte opp innan 2 år, eller som ikkje driv i tilstrekkeleg utstrekning, vil kunne få løyvet trekt tilbake eller endra (jf akvakulturlova § 9). På den andre sida vil opplysingar om dette kunne ha verknad for interesseavveginga som skal gjerast mot arealbruken, jf. akvakulturlova sin § 16. Dette vil gjelde søker sitt behov opp mot anna bruk av området.
- Foto for området kan leggjast ved og kan vere til hjelp når myndighetene skal vurdere søknad om etablering på ny lokalitet. Ved utviding eller flytting av eksisterande anlegg bør det også leggjast ved foto som viser dagens situasjon.
- Dersom sjøanlegget treng privatrettsleg heimel for å drive, for eksempel ved landfeste på andre sin eigedom, kan det leggjast ved dokumentasjon på at søker har slik heimel, oftast ved avtale.

### Underskrift

Søknaden skal daterast og underskrivast av den som er ansvarleg for søknaden.

---

# Skjema for søknad - landbasert anlegg

## Innleiing

Søknadsskjemaet omfattar akvakultur i landbaserte anlegg. Skjemaet omfattar også ulike dammar og kunstige pollar i ferskvatn for akvakulturføremål; med unntak av pryddammar<sup>18</sup> og zoo-butikkar. Dersom plassen i skjemaet blir for liten, kan opplysingane gjevast på eigne ark som skal leggjast ved.

## Pkt. 1 Generelle opplysingar

### Pkt. 1.1 Søkjar

Her skal ein fylla ut søker sitt namn, anten det er ein privatperson som søker, eller eit selskap. Saman med opplysinga i Pkt. 1.1.6 Organisasjons- eller personnummer side 22, sikrar dette identifikasjon av kven som søker. Kravet om denne opplysinga er heimla til tildelingsforskrifta for andre artar § 10 nr. 3 og laksetildelingsforskrifta sin § 9 nr.3. Juridiske personar (selskap) må vere stifta for å kunne søkje løyve, men det er ikkje eit krav for å søkje at selskapet er registrert i Brønnøysundregistra.

#### Pkt. 1.1.1 Telefonnummer.

Telefonnummeret til søker

#### Pkt. 1.1.2 Mobiltelefon

Mobiltelefonnummeret til søker.

#### Pkt. 1.1.3 Faks

Faksnummeret til søker.

#### Pkt. 1.1.4 Postadresse

Postadressa til søker.

#### Pkt. 1.1.5 E-postadresse

E-postadressa til søker

#### Pkt. 1.1.6 Organisasjons- eller personnummer

Her fyller ein ut organisasjonsnummer dersom selskapet er registrert i Brønnøysundregistra (framgår av firma-attesten), Dersom søker er ein privatperson eller eit enkeltmannsføretak, skal personnummeret først opp.

## Pkt. 1.2 Ansvarleg for oppfølging av søknaden

Dersom ein privatperson er søker, er det ikkje naudsynt å fylle ut pkt. 1.2. For andre søkerar vil opplysingane i pkt. 1.2 ha betydning for raskt å kunne nå rette vedkommande i vedkommande føretak.

#### Pkt. 1.2.1 Telefonnummer.

Telefonnummeret til kontaktpersonen

#### Pkt. 1.2.2 Mobiltelefon

Mobiltelefonnummeret til kontaktpersonen

#### Pkt. 1.2.3 E-postadresse

E-postadressa til kontaktpersonen

## Pkt. 1.3 Søknaden gjeld lokalitet i<sup>19</sup>

### Pkt. 1.3.1 Region

Her skal fyllast ut i kva av Fiskeridirektoratet sine sju regionar den omsøkte lokaliteten ligg.

---

<sup>18</sup> Nærare opplysingar vedr. søknad om akvatisk organiskar i pryddammar og zoo-butikkar kan ein få hos Mattilsynet.

<sup>19</sup> Laksetildelingsforskrifta sin § 33 (om regiontilknyting og dispensasjon) inneber at det ikkje kan søkjast lokalitet for eit løyve i annan region enn der den er heimehøyrande. Det må eventuelt søkjast om nytt løyve.

---

### **Pkt. 1.3.2 Fylke**

Her skal ein fylle ut i kva fylke den omsøkte lokaliteten eller løyvet ligg. Opplysinga har betyding for at søknaden er motteken av rett fylkeskommune, og at den blir vidaresendt til rett kommune og rett sektormyndighet, og at rette planar mv. blir lagt til grunn for behandlinga.

### **Pkt. 1.3.3 Kommune**

Her skal ein fylle ut i kva kommune den omsøkte lokaliteten eller løyvet ligg. Opplysinga har betyding for at søknaden blir vidaresendt til rett kommune og rett sektormyndighet, og at rette planar mv. blir lagt til grunn for behandlinga.

### **Pkt. 1.3.4 Lokalitetsnamn**

Namn på staden det vert søkt. Ved klarering vil namnet, som identifiserer lokaliteten, og eit lokalitetsnummer i Fiskeridirektoratet sin havbruksdatabase, bli tildelt.

### **Pkt. 1.3.5 Lokalitetsnummer**

Her oppgjer ein lokalitetsnummer dersom det er tildelt (som hovudregel ved endringar).

### **Pkt. 1.3.6 Gardsnummer/bruksnummer (G. nr. / B. nr.)**

Her oppgjer ein G.nr og B.nr for eigedommen der anlegget skal plasserast.

### **Pkt. 1.3.7 Geografiske koordinatar**

Det skal her gjevast opp koordinatar for midtpunktet av det planlagde anlegget med geografisk datum Wgs/Euref-89. Posisjonen skal gjevast opp i grader og minuttar med tre desimalar på følgjande form:

- N gg - mm, mmm /Ø gg-mm, mmm

## **Pkt. 1.4 Vasskilde**

Her skal ein oppgje den primære vasskjelda. Det skal opplysast om den er fersk-, brakk- eller saltvatn. Vassdragsnummer, vassdragsnamn og namn på vasskjelde fins på: <http://arcus.nve.no/website/nve/viewer.htm>

Nærare spesifikasjon skal gjevast i Pkt. 4.1 Omsyn til (sjå side 26). Sjå også NVE si heimeside: [www.nve.no](http://www.nve.no)

## **Pkt. 2 Planstatus, arealbruk og vassressurs**

Kravet om opplysingar under dette punktet er heimla i laksetildelingsforskrifta sin § 30 b) og d) og i tildelingsforskrifta for andre artar § 7 b) og d). Opplysingane har betyding for å vurdere om lokaliteten kan klarerast. Nærare opplysingar om planstatus og arealbruk kan ein få hos kommunen eller Fylkesmannen.

Pkt. 2 skal alltid fyllast ut, sjølv om forvaltinga kan vere kjent med eksisterande planar. Her kan ein gje opplysingar om søker sine behov, eventuelt supplert med sørlege vedlegg. Eksempel på behov kan vere behovet for ei utviding. Når søker gjer seg kjent med planstatus mv., og sjølv opplyser dette i skjemaet her, får forvaltinga informasjon om at søker er kjent med planane. Dette kan vidare ha betyding for avveging av arealinteresser. For spørsmålet om dokumentasjon av punktet her vert det vist til Pkt. 6 Vedlegg side 28.

### **Pkt. 2.1 Planstatus og vernetiltak**

Det skal kryssast av for om søkeren er i strid med vedtekne:

- arealplanar etter plan- og bygningslova
- vernetiltak etter naturvernlova
- vernetiltak etter kulturminnelova

Vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova inneber kommuneplanen sin arealdel, eventuelt vedteken reguleringsplan.

Dersom ein eller fleire av desse spørsmåla vert svara ja på, vil fiskerimyndigheitene avvise søkeren. Den kan då ikkje innvilgast, jf. tildelingsforskrifta for andre artar § 7 d) eller laksetildelingsforskrifta § 30 d).

Dersom det er gitt dispensasjon frå plan eller vernetiltak vert søkeren ikkje sett for å vere i strid med plan eller vernetiltak. Sjå vidare pkt. 6.1.3 om vedlegg. Det kan i enkelte tilfelle vere tvil om søkeren er i strid med ein plan eller eit vernevædtak. Dette må avgjérast av vedkommande plan- eller vernemyndighet. Sørlege opplysingar om slike tilhøve kan ein gje under Konkrete straummålinger inngår i grunnlaget for vurdering av lokalitetens sin bæreevne. Målingane skal utførast av kvalifisert personell. Tildelingsforskriftene krev at miljøundersøkingar skal utførast av "kompetent" organ, men dette er ikkje eit krav for straummålinger. Resultatet av målingane skal først inn i skjema. Utskrift av straummålinga skal vedleggjast. Av utskrifta skal det gå fram når straummålinga er gjort. Straumen skal oppgjevast i m/sek.

Alle straummålinger skal gjerast kontinuerleg over ein periode på minimum 4 veker og skal skildre innlaging og spreiing av utsleppet. Straummålnaren sin posisjon skal oppgjevast.

Konferer elles Pkt. 4.3.3 side 17 under ”Sjø”.

Ved landbaserte søknader med inntak av sjøvatn, skal det opplysast om det er straummessig kontakt mellom inntakspunkt og utsleppspunkt.

#### Ved utslepp til ferskvatn

Ved utslepp til ferskvatn skal det skildrast korleis resipienten vert påverka av utslepp fra anlegget. Det er då trong for å gjere straummålingar som i tilstrekkeleg grad viser spreiingssona.

#### Pkt. 4.4.4 Årleg planlagt produksjon

Forventa årleg produksjon i tonn - ved settefiskproduksjon talet på fisk - skal oppgjevast. Dette estimatet blir ikkje knytt til tillatinga, men vil indirekte vere eit estimat for forventa forureiningsbelastning på lokaliteten.

#### Pkt. 4.4.5 Forventa fôrforbruk

Forventa fôrforbruk pr. år skal gjevast opp i kilo. Dette estimatet blir ikkje knytt til tildeling av tillatinga, men vil indirekte vere eit estimat for forventa forureiningsbelastning på lokaliteten.

#### Pkt. 4.5 Supplerande opplysingar

Her gjev ein tilleggsopplysingar som søker meiner er relevante under Pkt. 4. Omsyn til miljø.

#### Pkt. 5 Supplerande opplysingar

eventuelt som eige vedlegg.

### Pkt. 2.2 Arealbruk – arealinteresser

#### Behovet for søkeren

Her kan ein gje opplysingar om søker sine behov, eventuelt supplert med særlege vedlegg. Eksempel på behov kan vere behovet for ei utviding.

#### Annan bruk / andre interesser i området

Dette gjeld ikkje berre sjølve lokaliteten, men også dei omkringliggjande områda. Kan vere:

- anna næringsverksemnd
- bruk av allemandsretten
- viltinteresser
- etc

Dersom lokaliteten ligg i tilknyting til eit nasjonalt laksevassdrag<sup>20</sup> skal det gjevast opp.

#### Alternativ bruk av området

Dette gjeld ikkje berre sjølve lokaliteten, men også dei omkringliggjande områda. Det kan vere:

- Anna framtidig bruk så som
  - Anna næringsverksemnd
  - Friluftsinteresser

#### Verneinteresser utover pkt. 2.1

Eksempelvis forslag til verneplanar, vern etter viltlova i området m.v.

### Pkt. 2.3 Konsekvensutgreiing

Kravet om konsekvensutgreiingar er heimla i plan- og bygningslova Kap. VII-a. Forskrift om konsekvensutgreiingar av 1. april 2005 krev konsekvensutgreiing (KU) for ”større akvakulturanlegg og settefiskanlegg for mer enn 5 millioner stk” dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø, naturressursar eller samfunn, jf. Kriteria i forskriftera sin § 4.

For settefiskanlegg med over 5 mill. fisk tar myndigkeitene utgangspunkt i at verknadene er av eit slikt omfang at særskilt konsekvensutgreiing er naudsynt, og at tiltaket må meldast til myndigkeitene så snart planlegging er igangsett. Dette gjeld ikkje dersom det er openbert at verknadene er uvesentlege. Dette gjeld også eksisterande anlegg som vert utvida til 5 mill. settefisk eller meir.

Når det gjeld sakhandsamingsreglar m.m. for handsaming av meldingar, er dette beskrive i KU-forskrifta kap. III.

Søker har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om tiltaket er KU-pliktig. Etter 01.01.2010 vil fylkeskommunen vere ansvarleg myndighet etter KU-forskrifta og kan kontaktast for meir informasjon.


---

<sup>20</sup> Det vert ikkje gitt godkjenning for etablering eller utviding av landbaserte anlegg for produksjon av matfisk eller stamfisk av anadrom fisk i nasjonale laksefjordar/laksevassdrag.

#### **Pkt. 2.4 Vassressurs**

Dersom NVE ikke har gitt konsesjonsfratak eller konsesjon når søknaden vert sendt inn, vil den verte avvist. NVE kan kontaktast for meir informasjon, <http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Andre-vassdragsinngrep/Settefisk/>

Sjå pkt. 6.1.6 om at dokumentasjon må leggjast ved.



## **Pkt. 3 Søknaden gjeld**

### **Pkt. 3.1 Art**

Her skal ein opplyse kva art det vert søkt om. Arten sitt namn og latinske namn skal oppgjevast.

Denne opplysinga er naudsynt fordi moglegheit og kriterium for tildeling i stor utstrekning er avhengig av arten det vert søkt om.

### **Pkt. 3.2 Kva søknaden gjeld**

Akvakulturdriftsforskrifta § 56 inneheld ei produksjonsavgrensing per smittemessig åtskilt einheit på 2 500 000 stk. settefisk. Dersom søknaden gjeld utviding ut over denne grensa, bør det i søknaden opplysast om utforming av smitteskilje mellom einheitane (hygienesluse).

Merk at akvakulturdriftsforskrifta set krav til vasskvalitet i landbaserte anlegg som vil kunne avgrense mengda fisk som kan produserast på ein akseptabel måte ut frå omsynet til fiskevelferd (sjå akvakulturdriftsforskrifta § 22 med merknader).

[http://www.mattilsynet.no/regelverk/forskrifter/forskrift\\_om\\_drift\\_av\\_akvakulturanlegg\\_16883](http://www.mattilsynet.no/regelverk/forskrifter/forskrift_om_drift_av_akvakulturanlegg_16883)

#### **Pkt. 3.2.1 Nytt akvakulturløyve**

Gjeld søknaden nytt akvakulløyve, skal det kryssast av for dette, og omsøkt storleik gjevast opp. Ved søknader om løyve til settefisk, skal storleiken oppgjevast som maksimalt tal på stk. settefisk produsert pr. år. (Talet på settefisk pr. år vil ikkje knytast til løyvet, men er ei sentral opplysing for Mattilsynet og Fylkesmannen si vurdering av søknaden.)

#### **Pkt. 3.2.2 Endring av storleik**

Gjeld søknaden endring av storleik skal det kryssast av for dette i skjemaet. Omsøkt storleik (endring) skal gjevast opp, samt storleik etter endring og løyvenummer.

Auke i produksjonen vil kunne føre til økt ferskvassbehov. I slike tilfelle vil søknaden bli behandla etter vassressurslova og må difor dokumentere opplysingar iht. Pkt. 4.1.1 Ferskvatn side 26 og Pkt. 4.4 Omsyn til miljø side 27.

#### **Pkt. 3.2.3 Anna endring**

Dersom søknaden gjeld anna endring enn endring av storleik, skal det oppgjevast. Dersom plassen er for liten kan utfyllande opplysingar gjevast i Pkt. 3.6 Supplerande opplysingar

#### **Forenkla behandling**

Dersom søknaden **kun** inneber endring av utsleppspunkt i sjø frå landanlegg, kan det vurderast etter at søknaden er innkomme, å underlegge søknaden ei forenkla handsaming. Dette vil innebere at søknaden vert oversendt til Mattilsynet (smitteomsyn), Fylkesmannen (forureiningsomsyn og friluftsinteresser) og i nokre tilfelle til kommunen (inkludert eventuelt kunngjering), (friluftsinteresser mv.) for uttale. Unntaksvis for landanlegg vil Kystverket (ferdsleinteresser) og fiskerimyndighetene (villfiskinteresser) vere aktuelle. Skjemaet skal fyllast ut i sin heilheit og gebyr skal betalast, jf. Pkt. 6 Vedlegg side 28.

Fylkeskommunen sitt høve til forenkla sakshandsaming vil avhenge av både søknaden og området rundt.

Eventuell søknad og løyve etter akvakulturlova, utelukkar ikkje at det i tillegg til dei nemnde lover kan vere naudsynt med sjølvstendige løyve etter anna regelverk, (f.eks. lov om kulturminne). Dette er i tilfelle søkjær sitt eige ansvar å innhente.

## **Pkt. 3.3 Type akvakulturløyve**

Kravet om denne opplysinga er heimla i tildelingsforskrifta for andre artar § 4 nr.3, laksetildelingsforskrifta § 3, jf § 4. Det følger også av etableringsforskrifta § 6 om krav til søknaden at ein skal oppgi produksjonsform, som inneber det same.

#### **Pkt. 3.3.1 Fisk**

Inndelinga av rubrikkane er meir spesifisert enn tildelingsreglane og ikkje samanfallande med desse, jf. definisjonane i laksetildelingsforskrifta § 4 og tildelingsforskrifta for andre artar § 3.

#### **Pkt. 3.3.2 Krepsdyr, blautdyr eller pigghuder**

Når det gjeld krepsdyr, blautdyr og pigghuder, kan det i større grad vere aktuelt å søkje om løyve til oppdrett av fleire livsstadium og tildele dette ved dispensasjon i éitt løyve. I så fall skal ein krysse det av i to rubrikkar. Som for fisk, jf. pkt. 3.3.1 ovanfor, er inndelinga av rubrikkane også her meir spesifisert enn tildelingsreglane i tildelingsforskrifta for andre artar § 4.

## **Pkt. 3.4 Spesielle opplysingar vedr. det planlagde driftsopplegget**

Her skal det fyllast ut opplysingar som skisserer det planlagde driftsopplegget og spesielt om akvakulturverksemda vil basere seg på flytting av levande akvakulturdyr som ledd i regulær drift.

Kravet om desse opplysingane er heimla i etableringsforskrifta § 6 andre ledd punkt 3.

#### Pkt. 3.5 Opplysingar om anlegget

Anleggsskisse med innteikning av inntaks- og utsleppsleidningar samt eventuelle kablar i sjø, ca M = 1 : 1000.

#### Pkt. 3.6 Supplerande opplysingar

Her gjev ein eventuelle tilleggsopplysingar som søker meiner er relevante under Pkt. 3 Søknaden gjeld.

### Pkt. 4. Omsyn til

vassressurs  
folkehelse  
smittevern og miljø  
dyrehelse

#### Pkt. 4.1 Omsyn til

##### Pkt. 4.1.1 Ferskvatn

Spørsmåla her skal fyllast ut anten det er gitt konsesjon frå NVE eller ikkje. Dette fordi spørsmåla også har betydning for Mattilsynet og Fylkesmannen si vurdering. Dersom det eksisterer fiskesperre, må det oppgjevest når denne vart etablert og eventuelt løyvedato. Søknaden må også innehalde opplysingar om eventuell oppgang av anadrom fisk i vassdraget.

Søkjar må gjere greie for korleis ein vil handtere ekstreme tørkesituasjonar innanfor vilkåra.

Opplysingar om eventuell desinfeksjon av inntaksvatn og desinfeksjonsmetode skal førast inn her.

##### Pkt. 4.1.2 Sjøvatn

Namn på inntaksområde skal oppgjevest og inngrep ved inntak skal spesifiserast. Vidare skal ein gjere greie for om inntaksvatnet skal handsamast, og om resirkulering av vatn er planlagt, jf. Pkt. 4.3 Omsyn til smittevern og .

#### Pkt. 4.2 Omsyn til folkehelse, ekstern forureining

Akvakulturanlegg vil bli vurdert individuelt med omsyn til utslepp av kloakk, miljøgifter, frå industri eller andre forureiningskjelder. Meir informasjon om grunnlaget for sakshandsaminga fins i rettleiaren til etableringsforskrifta punkt 3. Krav om slike opplysingar er heimla i etableringsforskrifta § 6.

##### Pkt. 4.2.1 Avstand frå vassinntak til utslepp av kloakk eller frå landbruk, industri og liknande

Søknaden skal innehalde opplysingar om utslepp av kloakk eller frå landbruk, industri og liknande innanfor ein avstand på 5 km frå vassinntaket. Utslepp frå industri omfattar både utslepp frå eksisterande og frå tidlegare verksemder. Alle utslepp skal oppgjevest og merkjast på kartutsnittet omtalt i pkt. 6.1.3 side **Feil! Bokmerke er ikke definert.** Det vert også vist til s. 7 i regelhjelp: [http://regelhjelp.no/Templates/Bransj\\_7977.aspx?bransjeid=7977](http://regelhjelp.no/Templates/Bransj_7977.aspx?bransjeid=7977).

#### Pkt. 4.3 Omsyn til smittevern og fiskevelferd

Søknaden skal innehalde opplysingar om plassering av vassinntak og avløp.

Ved bruk av sjøvatn (saltvatn eller brakkvatn) skal søknaden innehalde opplysingar om planlagt sjøvassbruk som del av det totale vassforbruket, og eventuelle desinfeksjonsmetodar. Etter etableringsforskrifta § 6 g skal vassmengda dokumenterast ”*gjennom angivelse av den mengde vann som er tilgjengelig i vannkilden, angitt hydraulisk kapasitet sammenholdt med en spesifisert produksjonsplan for anlegget*”.

Inntakspunkt for sjøvatn skal merkjast av på kartutsnittet omtalt i vedlegg Pkt. 6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse side 29.

Kravet om slike opplysingar er heimla i etableringsforskrifta § 6.

##### Pkt. 4.3.1 Akvakulturrelaterte verksemder og lakseførande vassdrag innanfor ein avstand i sjø på 5 km

Her skal ein fylle ut namn og registreringsnummer for alle akvakulturanlegg samt namn og plassering for anna akvakulturverksemder som fiskeslakteri, tilverkingsanlegg og notvaskeri innanfor ein avstand på 5 km frå den omsøkte lokaliteten. Som hovudregel er det avstand til vassinntak og avløp frå andre akvakulturrelaterte verksemder som er viktig, og det er difor avstand i sjø som vert spurt etter.

I tillegg skal søknaden innehalde opplysingar om viktige lakseførande vassdrag innan ein avstand på 5 km. Det er avstanden i sjø som er utslagsgjevande for om vassdraget skal førast opp.

Alle akvakulturrelaterte verksemder i nærområdet skal merkjast av på kartutsnittet omtalt i vedlegg side 29.

Kravet om desse opplysingane er heimla i etableringsforskrifta §§ 5 og 6. Vi viser spesielt til rettleiaren til etableringsforskrifta sin § 5 som er lagt ut på Mattilsynet si heimeside: <http://www.mattilsynet.no>

#### Akvakulturrelaterte verksemder og fiskeførekomstar i ferskvasskjelda

Her skal det opplysast om det er oppdrett av fisk i ferskvasskjelda, og om eventuell oppgang av anadrom fisk og førekomst av stasjonær fisk i ferskvasskjelda.

#### Pkt. 4.4 Omsyn til miljø

Landbasert akvakultur næring påverkar vassdraget gjennom vassuttak og vassutslepp. Desse tilhøva kan komme i konflikt med ålmenne interesser, friluftsliv, naturverdiar, biologisk mangfold og fiskeriinteresser. Ei bærekraftig akvakultur næring forutset at anlegga blir riktig lokalisert. Dette tyder at søkeren må:

- Handsamast etter vassressurslova for å avvege tiltaket sine konsekvensar (jf §§ 8, 25, 34, 35), jf. pkt.2.4.
- Handsamast etter forureiningslova, for å sikre at det ikkje skjer skadeleg forureining som følgje av aktiviteten.
- Må vurderast i høve til næringssalt. Ferskvatn brukast til mange føremål og påverkast lett av utslepp av næringssalt. Det er difor viktig å beskrive miljøtilstanden i søkerfasen slik at myndighetene får eit godt grunnlag for å ta ei avgjerd, og slik at oppdrettar ikkje på eit seinare tidspunkt forårsakar overgiødsling i områda ved anlegget.
- Vurderast i høve til anlegget sitt konfliktpotensial overfor vilt og biologisk mangfold, fisk, natur, friluftsliv og ålmenta sine interesser.

For at myndighetene skal kunne vurdere dette, må søkeren skaffe ein del opplysingar som skal liggje til grunn for handsaminga av saka:

- Dokumentasjonen av truleg utslepp skal følgje søkeren, både for nye lokalitetar og for utvidingar.
- I tillegg kan det vere aktuelt å leggje fram undersøkingar av vassutskiftinga på lokaliteten, straumretning og -hastigkeit, botntopografi og -tilstand samt ev. tersklar. Dokumentasjonen skal følgje søkeren, både for nye lokalitetar og for utvidingar.
- Det kan også kunne krevjast undersøkingar knytt til det biologiske mangfaldet på lokaliteten.

#### Pkt. 4.4.1 Utslepp til recipient

Utsleppsleidning, med oppgjeving av utsleppspunkt, skal teiknast inn på kartutsnitt jf. pkt. 6.1.3 side 29.

##### Til sjø

Berekna årleg utslepp skal oppgjevast i nitrogen (kg) og fosfor (kg).

##### Til Ferskvatn<sup>21</sup>

Ved utslepp til ferskvatn er det generelt strengare krav til reining av avløpsvatn. Søkeren bør i slike tilfeller difor tildelegast mogleg kontakte Fylkesmannen i slike saker. Utsleppspunktet bør skildrast og merkjast av på kart, og eventuell reinsegrad oppgjevast.

#### Pkt. 4.4.2 Miljøtilstand

##### Ferskvatn

Klima- og forureiningsdirektoratet sin (tidlegare Statens forureiningstilsyn) rettleiar "Klassifisering av miljøkvalitet i ferskvann" 97:04 (TA-nummer 1468/1997) kan brukast for å skildre ferskvassrecipienten sin tilstand i ein søkerprosess der miljøtilstanden ikkje alt er tilstrekkeleg kjent gjennom andre undersøkingar.

##### Sjøvatn

Miljøundersøking skal gjerast i høve til NS-EN ISO 16665. Klima- og forureiningsdirektoratet (tidlegare SFT) sin rettleiar "klassifisering av miljøkvalitet i fjorder og kystfarvann" 97:03 (TA-nummer 1467/1997) kan brukast for å skildre recipienten sin tilstand.

##### Miljøundersøking

Undersøking av biologisk mangfold mm.

Ifølgje akvakulturlova sin § 11 kan departementet i enkeltvedtak eller i forskrift krevje at den som har eller søker om akvakulturløyve skal gjere naudsynte miljøundersøkingar og dokumentere miljøtilstanden på lokaliteten ved etablering, drift

<sup>21</sup> Utslepp til ferskvatn i anna vassdrag enn kjelda for inntaksvatn, skal også behandles av NVE.

og avvikling av akvakultur. I Ot. prp. nr. 61 (2004-05) blir det peika på at dette også gjeld undersøkingar knytt til økologiske effektar, herunder biologisk mangfald

Undersøkingar knytt til det biologiske mangfaldet på lokaliteten kan vere mest aktuelt når Fylkesmannen ikkje har tilstrekkeleg oversikt over mangfaldet i nærleiken av lokaliteten til å avgjere om etablering kan komme i konflikt med truga, sårbare artar eller artar som Noreg har spesielle plikter for å ivareta. Dette er ikkje fastlagt pr. januar 2010. Eventuell undersøking skal utførast av fagleg kompetent personell.

#### Pkt. 4.4.3 Straummåling

##### Ved utslepp til sjø

Konkrete straummålingar inngår i grunnlaget for vurdering av lokaliteten sin bæreevne. Målingane skal utførast av kvalifisert personell. Tildelingsforskriftene krev at miljøundersøkingar skal utførast av ”kompetent” organ, men dette er ikkje eit krav for straummålingar. Resultatet av målingane skal førast inn i skjema. Utskrift av straummålinga skal vedleggjast. Av utskrifta skal det gå fram når straummålinga er gjort. Straumen skal oppgjevest i m/seks.

Alle straummålingar skal gjerast kontinuerleg over ein periode på minimum 4 veker og skal skildre innlaging og spreiing av utsleppet. Straummålaren sin posisjon skal oppgjevest.

Konferer elles Pkt. 4.3.3 side 17 under ”Sjø”.

Ved landbaserte søknader med inntak av sjøvatn, skal det opplysast om det er straummessig kontakt mellom inntakspunkt og utsleppspunkt.

##### Ved utslepp til ferskvatn

Ved utslepp til ferskvatn skal det skildrast korleis resipienten vert påverka av utslepp fra anlegget. Det er då trong for å gjere straummålingar som i tilstrekkeleg grad viser spreiingssona.

#### Pkt. 4.4.4 Årleg planlagt produksjon

Forventa årleg produksjon i tonn - ved settefiskproduksjon talet på fisk - skal oppgjevest. Dette estimatet blir ikkje knytt til tillatinga, men vil indirekte vere eit estimat for forventa forureiningsbelastning på lokaliteten.

#### Pkt. 4.4.5 Forventa fôrforbruk

Forventa fôrforbruk pr. år skal gjevest opp i kilo. Dette estimatet blir ikkje knytt til tildeling av tillatinga, men vil indirekte vere eit estimat for forventa forureiningsbelastning på lokaliteten.

#### Pkt. 4.5 Supplerande opplysingar

Her gjevest ein tilleggsopplysingar som søker meiner er relevante under Pkt. 4. Omsyn til miljø.

#### Pkt. 5 Supplerande opplysingar

Her kan ein gje tilleggsopplysingar som søker meiner gjevest ei relevant utdjuping av søknaden.

#### Pkt. 6 Vedlegg

Opplistinga over vedlegg under pkt. 6 må vurderast. Ikkje alle vedlegg er naudsynte for alle typar søknader.

##### Forenkla behandling

Dersom søker alt før søknaden er innsendt meiner at søknaden kvalifiserer til forenkla handsaming jf. Pkt. 3.2.3 Anna endring side 25 kan det aksepteras at vedleggskrav til søknaden vert avgrensa til følgjande:

- Dokumentasjon for betalt gebyr, Pkt. 6.1.1.
- Anleggsskisse 1:1000 + N-5 serie (1:5000, sjå Pkt 6.1.3.)

Dersom fylkeskommunen under handsaminga kjem til at innsendte vedlegg likevel ikkje er tilstrekkeleg, kan det krevjast ytterlegare opplysingar.

#### Pkt. 6.1 Til alle søknader sjå figur 3.

##### Pkt. 6.1.1 Kvittering for betalt gebyr

Dokumentasjon for at gebyr er betalt skal leggjast ved alle søknader. Dette er heimla i gebyrforskrifta sin § 5. I avgjerda er det også sagt at søker som det ikkje er betalt gebyr for, vert sett på som ikkje fullstendige og vil bli returnerte. Det framgår av forskrifta sin § 2 at gebyret er kr 12 000 pr. søknad.

Dokumentasjonen kan vere stempla kvittering frå post eller bank, nettbankkvittering i form av originaloblat, eller kontoutskrift (også frå nettbank) som viser utført belastning av gebyr og at Fiskeridirektoratet er mottakar. Gebyret skal innbetalast til Fiskeridirektoratet, kontonr. 7694 05 09048 og merkjast med ”gebyr havbruk”<sup>22</sup>

Det skal betalast eitt gebyr pr. søknad. Éin søknad refererer seg til pr. innehavar og pr. akvakulturtillating. Sjå tidlegare merknader om gebyr

#### Pkt. 6.1.2 Straummåling

Vedlegg slik som skildra i Pkt. 4.4.3 Straummåling side 28.

#### Pkt. 6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse

Kartutsnitt slik det går fram av Figur 3.

#### Pkt. 6.1.4 Beredskapsplan

Her meiner ein kravet om beredskapsplan for å ivareta smittemessige tilhøve, som er heimla i etableringsforskrifta sin § 6, e).<sup>22</sup>

#### Pkt. 6.1.5 Konsekvensutgreiing

Eventuell konsekvensutgreiing som skildra i **Feil! Fant ikke referansekilden.** side Feil! Bokmerke er ikke definert..

#### Pkt. 6.1.6 NVE-vedlegg

Konsesjon eller konsesjonsfritak frå NVE skal ligge ved søknaden når den vert sendt inn. Den vil elles bli avvist.

#### Pkt.6.1.7. IK-system

Etableringsforskrifta § 6 f) stiller også krav til at søknaden skal innehalde ”Internkontrollsysteem som sannsynliggjør at krav til smittehygienisk og velferdsmessig forsvarlig drift, herunder risikobasert helsekontroll, oppretholdelse av god vannkvalitet og journalføring, kan etterleves.”

#### Pkt. 6.1.8. Hydraulisk kapasitet og produksjonsplan

Etableringsforskrifta § 6 g): Dokumentasjon på lokaliteten sin eignatheit til å sikre fisk og tifotkreps ei god velferd, herunder data på vasskvalitet, mengd vatn og naturgitte tilhøve av vesentleg betydning for velferda. I landanlegg skal vassmengda dokumenterast gjennom å oppgi den mengd vatn som er tilgjengeleg i vasskjelda, oppgitt hydraulisk kapasitet samanstilt med ein spesifisert produksjonsplan for anlegget.

### Pkt. 6.2. Andre aktuelle vedlegg

#### Pkt. 6.2.1 Resultat frå miljøundersøkingar

Det skal leggjast ved ein rapport med skildring av miljøtilstanden i recipienten. Rapporten vil danne grunnlag for vurdering av om løyve til utslepp kan gjevast etter forureiningslova. Sjå elles punkt 4.4.2

Andre vedlegg som **kan** vere aktuelle er (lista er ikkje uttømmande):

- Til pkt 1.1 Stiftingsdokument leggjast ved dersom søker ikkje er registeret i Brønnøysundregistra på søknadstidspunktet.
- Til pkt 2.1
  - Avgjerd om at søknaden ikkje er i strid med plan (gjeld dei sjeldne tilfella der det har vore tvil om det har vore trong for dispensasjonshandsaming eller ikkje).
  - Dispensasjon frå plan.  
Vedtak om dispensasjon frå plan leggjast ved i dei tilfella kartvedlegga, jf. Pkt.6.1.3. ikkje viser at dispensasjon er gitt.
  - Samtykke frå plan- eller vernemyndigkeit til handsaming etter akvakulturlova sjølv om det er i strid med vedtekne arealplanar eller vedtekne vernetiltak, jf. tildelingsforskrifta for andre artar § 7 siste ledd, eller laksetildelingsforskrifta § 30 siste ledd.
- Samtykkeerklæring  
For landbaserte anlegg kan dette unntaksvis vere aktuelt, dersom søkeren inneber at ulike innehavarar av løyve skal drive på same lokalitet.

<sup>22</sup> Krav til beredskapsplan til søkeren omfattar **ikkje** dei krav som er sett i akvakulturdriftsforskrifta § 7, første, tredje og fjerde lekk om beredskapsplan under drifta mot. rømming, algeberedskap mv.

- Økonomisk evne til å gjennomføre prosjektet. Her kan ein legge ved dokumentasjon på at søker vil ha økonomisk evne til å starte og drive verksemda det vert søkt om. Prosjekt som ikkje lenger klarar å starte opp innan 2 år eller som ikkje driv i tilstrekkeleg utstrekning, vil kunne få løyvet trekt tilbake eller endra (jf akvakulturlova § 9). På den andre sida vil opplysingar om dette kunne ha betydning for interesseavveginga som skal gjerast mot. arealbruken, jf. akvakulturlova sin § 16. Dette vil gjelde søker sitt behov opp mot anna bruk av området.
- Foto av området kan vere til hjelp når myndighetene skal vurdere søknad om etablering på ny lokalitet
- Dokumentasjon av privatrettsleg heimel til den aktuelle eigedomen kan leggjast ved.


### **Underskrift**

Søknaden skal daterast og underskrivast av den som er ansvarleg for søknaden.


### **Vedlegg Tre figurar:**

---

Figur 1 Behandling av ordinære akvakultursøknader fra 2010



## Figur 2 Kartutsnitt og anleggsskisse, flytande anlegg



## Figur 3 Kartutsnitt og anleggsskisse, landbasert anlegg

